



ÅRSMELDING

for

Tysnes kommune

2014

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
15/347-2	3494/15	001	FSK/RAD/STDAL	

ÅRSMELDING 2014

INNHALD:

0. RÅDMANNEN SI INNLEIING.....	4
1. ØKONOMI	6
1.1 Hovudtal for drifta 2014	6
1.3 Drift per eining	13
1.3.1 Sentraladm./stab/støtte.....	14
1.3.2 Oppvekst.....	14
1.3.3 Helse og sosial	14
1.3.4 Landbruk og teknisk.....	14
2. PERSONAL.....	15
2.1 Organisasjonsdemografi.....	15
2.2 Likestilling.....	15
2.3 Arbeidsmiljø og sjukefråvær	16
2.4 Kompetanse.....	17
2.5 Rekruttering	18
2.5.1 Sentraladministrasjonen	18
2.5.2 Oppvekst.....	18
2.5.3 Helse- og sosial.....	19
2.5.4 Landbruk og teknisk.....	19
2.6 Etikk	19
3. POLITIKK, UTVIKLING PROSJEKT OG PLAN.....	21
3.1. Politikk og samfunnsutvikling.....	21
3.2 Prosjekt	23
3.2.1 Investeringsprosjekt	25
3.3 Planarbeid.....	26
4. TENESTEOMRÅDA	28
4.1 Sentraladministrasjonen.....	28

4.1.1	Organisasjon	28
4.1.2	Politisk aktivitet	28
4.1.3	Post og arkiv	28
4.1.4	Administrasjon	29
4.1.5	Vedtaksoppfølging	29
4.1.6	VAL	29
4.1.7	IT	29
4.1.8	Personal	30
4.1.9	Innkjøp	30
4.1.10	Eigedomsskatt	30
4.1.11	Beredskap	30
4.1.12	Klima og energi	31
4.1.13	Økonomi og løn	31
4.1.14	Kultur	32
4.1.15	Barne- og ungdomsarbeid	32
4.1.16	Reiseliv	32
4.1.17	Næring	32
4.1.18	Kulturvern	33
4.1.19	Kulturformidling	33
4.1.20	Idrett	33
4.1.21	Friluftsliv	33
4.1.22	Ålment kulturarbeid	34
4.1.23	Folkehelse	34
4.1.24	Bibliotek	34
4.1.25	Tysneshallen	35
4.2	Oppvekst	36
4.2.1	Administrasjon	36
4.2.2	Politisk aktivitet	36
4.2.3	Visjonar og mål	36
4.2.4	Tilsyn	36
4.2.5	IKT	36
4.2.6	Skulane	37
4.2.7	Spesialundervisning	37
4.2.8	PPT	38
4.2.9	Blå skule	38

4.2.10 SFO	38
4.2.11 Kvalitetsindikatorar	38
4.2.11.1 Nasjonale prøver, resultatvurdering og oppfølging	38
4.2.11.2 Elevundersøkinga	41
4.2.11.3 Grunnskulepoeng	41
4.2.11.4 Overgangen fra grunnskole til vidaregåande opplæring	42
4.2.12 Kulturskulen	42
4.2.13 Vaksenopplæringa	42
4.2.14 Barnehagar	43
4.3 Helse og sosial	44
4.3.1 Administrasjon	44
4.3.2 Politisk aktivitet	44
4.3.3 Utviklingstrekk i etaten	44
4.3.4 Psykisk helseteneste	45
4.3.5 Helseavdelinga	46
4.3.5.1 Legekontor	46
4.3.5.2 Legevakt	46
4.3.5.3 Helsestasjon	47
4.3.5.4 Fysioterapi	48
4.3.5.5 Ergoterapi	49
4.3.6 Pleie- og omsorg	50
4.3.6.1 Tysnes sjukeheim	50
4.3.6.2 Open omsorg	51
4.3.6.3 Tenester for funksjonshemma	51
4.3.6.3.1 Haugen bufellesskap	51
4.3.6.3.2 Vågsmarka bufellesskap	52
4.3.6.3.3 Dagsenteret	52
4.3.6.4 Avsluttande kommentar	52
4.3.7 Sosialavdeling og barnevern	53
4.3.7.1 NAV sosialteneste	53
4.3.7.2 Busetjing av flyktningar	53
4.3.7.3 Barnevern	54
4.4 Landbruk og teknisk	56
4.4.1 Administrasjon	56
4.4.2 Politisk aktivitet	56

4.4.3 Plan og byggjesak	56
4.4.4 Kart og oppmåling	58
4.4.4.1 Kart	58
4.4.4.2 Oppmåling.....	58
4.4.4.3 Adresseprosjekt	59
4.4.4.4 Kommunale bustadtomter	59
4.4.5 Landbruk	59
4.4.6 Brann og redningstenesta	61
4.4.7 Teknisk drift	62
4.4.7.1 Felles internkontrolltiltak og vedlikehald alle bygg.	62
4.4.7.2 Kommunale vegar, kaier og bruer	64
4.4.7.3 Renovasjon, slamtøming, avlaup og vassforsyning	65
4.4.7.4 Kyrkjegardar	65
4.4.7.5 Utviklingstrekk og mål.....	66

0. RÅDMANNEN SI INNLEIING

2014 har vore eit innhaldsrikt og godt år i Tysnes kommune, men også eit krevjande år med for høgt fråvær og for mange vakansar. Noko av dette er gjort tilsikta og noko er det ikkje. Mange har nok opplevd at dei heile tida har vore eitt eller to steg for seint ute, samstundes så ser me, når me no ser oss i bakspeilet, at det faktisk er gjort eit godt stykke arbeid!

Rådmannen vil starta med å peika på at folketalet gjekk opp siste år, og me enda til slutt opp med ein vekst på 37 innbyggjarar eller 1,35 % auke i folketalet. Me held såleis fram med ein positiv utvikling! I 2013 vaks me med 0,3 %, tilsvarende 9 innbyggjarar. I år har me ein folkevekst som er større enn gjennomsnittet i både Hordaland og landet elles. Det er særskilt gledeleg å merkja seg at fødselskullet var så stort – 33 tysnesingar var fødd førre år.

I desember 2014 kom dei første sju flyktningane og fekk busetjing på Hovland, alle dei sju er frå Eritrea og vil vonleg verta eit flott tilskot til Tysnes samfunnet også på lengre sikt. Eit anna internasjonalt prosjekt kom til si endelege avslutning i 2014. Manglande satsing på MIC programmet førte til at me vart nøydd å avslutta vårt vennskapskommuneprosjekt i Tanzania før det kom skikkeleg i gong. Me fekk midlar til å sikra ei verdig avslutning og rektor ved Ugddal skule fekk saman med ordføraren gjennomført ei,etter tilhøva fin avslutning.

I høve til Tysnesfest synes fyrtårnet der å blenkja klårare for kvart år som går, også i fjor vart det rekordhøg deltaking med fantastisk stemning. Tysnesfest viser kanskje klarare enn noko at det er mogleg for tysnesingane å dra i samla flokk. I fjor fekk dei også folk til å melda flytting til Tysnes - i flokk - gjennom "støtet" med gratis festivalpass til dei som meldte flytting til kommunen innan 30. juni. Dersom tilflyttinga i 2. kvartal vert malen også frametter så har ikkje Tysnes kommune store nettokostnader knytt til å vera generalsponsor!

Val av trasé for E39 vil frametter få stor betydning for Tysnes kommune både som bu- og arbeidskommune. Det synes å vera eit svært godt moment i denne saka og arbeidet har gått fort. Me har von om at planprogrammet vert sendt ut like over påske.

I den kommunale verksemda er det gjennomført ein rekkje større og mindre prosjekt og tiltak det siste året. Årsmeldinga kan synast lang når ein skriv ho, men når ein til slutt skal oppsummera ser ein at ho er så alt for kort. Det er mange ting som burde vore nemnt, men det er også mange ting som står her – så den ivrige lesar kan heilt sikkert finna mange gode svar, og sikkert gode spørsmål gjennom lesinga. Årsmelding er i hovudssak bygd etter same leisten som førre år og avspeglar dei fire hovudmålområda våre: God økonomi, god personalforvaltning, gode utviklingsprosjekt og gode tenester! Tysnes kommune har ikkje innført detaljerte målekort og balansert målstyring såleis vert også årsmeldinga litt meir ustrukturert og uføreseieleg, mest som ein oppdagingsferd! Når det er sagt så har me eit veldig enkelt mål som gjeld i kvar einaste avdeling og som også ligg fast i gjeldande kommuneplan: Me skal gjera Tysnes til ein attraktiv stad å bu!

Så litt tilbake til våre fire hovudmål: På økonomiområde leverer me eit svært godt resultat i 2014! På prosjekt og plan så er det mykje å gleda seg over, men det er nok også nokre skår i gleda i forhold til at me ikkje er kome så langt som me gjerne ville på viktig plan og prosjektarbeid. Me har mykje godt også innan personalområde, men kan ikkje med handa på hjarte sei at me har ei god personalforvaltning med så høge tal på sjukefråvæ- her har me ein viktig arbeid føre oss! Andre deler av personalområda skal me likevel vera stolte over, det er gjort veldig mykje godt arbeid innan opplæring og vidareutdanning. Det er også gledeleg at me har dekkja behovet for fagstillingar innan mest alle tenesteområda. Me kunne sagt mykje om tenestene våre og trekt fram mange einskild arbeidsplassar og einskild personar - rådmannen er gjennomgåande tilfreds med det arbeidet som vert ytt!

Rådmannen vil også peika på at 2014 har vore eit krevjande år, det er mange som har strekt seg langt for å imøtekoma forventingar og krav frå politikarar, leiing, men først og fremst for dei innbyggjarane dei veit så vel at dei tener.

Rådmannen takkar dei tilsette i kommunen for solid innsats i meldingsåret! Politisk nivå vert også takka for godt samarbeid! Eit godt politisk og administrativt samarbeid, forankra i respekt, er ein føresetnad for at me alle skal klara å levera det som vert venta av oss!

Med helsing
Tysnes kommune

Steinar Dalland
rådmann

1. ØKONOMI

1.1 Hovudtal for drifta 2014

Inntekter :

Tall i 1000 kroner	<i>Rekneskap 2014</i>	<i>Regulert budsjett 2014</i>	<i>Opprinneleg budsjett 2014</i>	<i>Rekneskap 2013</i>	<i>Endring 2013-2014</i>
DRIFTSINNTEKTER					
Brukarbetaling	-10 924	-9 148	-9 148	-10 267	-657
Andre salgs- og leigeinntekter	-17 912	-18 046	-18 046	-17 134	-778
Overføringar med krav til motytelsar	-31 058	-18 062	-18 062	-27 480	-3 578
Rammetilskot frå staten	-99 131	-102 331	-102 331	-96 014	-3 117
Andre statlege overf.	-2 010	-1 985	-1 985	-1 873	-137
Andre overføringar	-110	0	0	-253	143
Skatt på inntekt og formue	-65 397	-64 000	-64 000	-65 823	426
Eigedomsskatt	-9 927	-9 880	-9 880	-5 167	-4 759
Andre direkte og inndirekte skattar	0	0	0	0	0
Sum driftsinntekter	-236 467	-223 452	-223 452	-224 011	-12 456

Dei totale inntektene syner ei auke på 5,6% frå 2013 til 2014.

Kommunestyret gjorde vedtak om auke av eigedomsskatten i 2014, frå 2 promille til 3,8 promille. Dette utgjer ca. 4,7 millionar kroner i rekneskapet.


Korrigert for endring i eigedomsskatten auka dei totale inntektene med 3,5% i 2014. Dette inneber at dei generelle inntektene aukar meir enn deflatoren i 2014. Deflatoren er eit måltal på auken i pris- og lønsveksten. For at me skal ha handlefridom i tida framover er det såleis viktig at inntektsauken er minst like stor som auken i kostnadene. Det er såleis gledeleg å sjå at 2014 vart vesentleg betre enn den utviklinga me såg i 2013.

Det har vore mykje fokus på skatteinngongen i løpet av året. Også hos oss har reduksjonen fått effekt, men me var forsiktig i budsjetteringa av denne posten. Samla tap mot budsjett på skatt og rammeoverføring i 2014 var på 1,8 millionar kroner.

Folketalet har synt ei auke på 1,35% i løpet av året. Dette er ein auke som er større enn for landet som heilhet, samt for Hordaland fylke. Det er fødd mange nye tysnesingar i 2014.

I inntektssystemet er det svært viktig å ha ei positiv utvikling i folketalet. Handlingsrommet vårt har i fleire år vorte redusert som fylgje av nedgang i folketalet, men me har eit godt håp om at den positive trenden me no ser held fram også i åra framover!

Illustrasjonen nedanfor viser samansetjinga av inntektene i 2014 :



Rammetilskot og skatteinntekter utgjer dei største inntektene våre. I det korte biletet er det avgrensa kva inntekter me sjølve kan påverke. Men som nemnd ovanfor er folketalsutviklinga svært viktig. Eigedomsskatten utgjer 4% av dei totale inntektene. Kommunestyret har uttalt at auken i denne posten i 2014 skal nyttast til investeringar. Det er såleis oppretta eit eige fond på 4 millionar kroner som skal nyttast til dette føremålet.

Utgifter :

Tall i 1000 kroner	<i>Rekneskap</i> 2014	<i>Regulert</i> <i>budsjett 2014</i>	<i>Opprinneleg</i> <i>budsjett 2014</i>	<i>Rekneskap</i> 2013	<i>Endring</i> 2013-2014
DRIFTSUTGIFTER					
Lønsutgifter	121 871	119 214	119 214	121 260	611
Sosialekostnader	31 516	39 664	39 664	33 627	-2 111
Kjøp som inngår i kommunal prod.	39 737	33 424	33 424	38 308	1 429
Kjøp som erstattar eigen prod.	13 595	13 707	13 707	11 622	1 973
Overføringar	15 067	12 105	12 105	14 652	416
Avskrivningar	6 780	4 949	4 949	6 610	171
Fordelte utgifter	-3 841	-4 109	-4 109	-4 367	526
Sum driftsutgifter	224 726	218 954	218 954	221 712	3 014


Totale driftsutgifter (eks. avskrivningar) syner ei auke på 1,3%. Dette er vesentleg mindre enn den tilsvarande auken i 2013, som var på 3,9%.

Direkte lønskostnader (eks. sosiale kostnader) til egne tilsette auka med 0,5% gjennom året. Det har derimot vore ein auke i innleigde ressursar (hovudsakleg til sjukeheim og heimesjukepleie) på 1,9 millionar gjennom året. Samla vert då auken i direkte løn lik 2%.

Dei sosiale kostnadene (feriepengar, arbeidsgjevaravgift og pensjon) vart redusert med 2,1 millionar kroner. Dette skuldast i hovudsak ein eingongseffekt på 2,5 millionar kroner ved redusert arbeidsgjevaravgift i 2014. I tillegg kom me ut med eit positivt netto premieavvik på pensjonen.

Ordninga med kommunal medfinansiering på somatiske tenester er avvikla frå og med 2015. Dette vil få positiv effekt for oss, ettersom me har vore underfinansiert på denne posten.

Samansetjinga av driftsutgiftene kan illustrerast som fylgjande :



Løn inkl. sosiale kostnader utgjer 66% av dei totale kostnadene våre. Dette er ein reduksjon frå 70% i 2013.

Driftsresultat:

Tall i 1000 kroner	Rekneskap 2014	Regulert budsjett 2014	Opprinneleg budsjett 2014	Rekneskap 2013	Endring 2013-2014
Sum driftsinntekter	-236 467	-223 452	-223 452	-224 011	-12 456
Sum driftsutgifter	224 726	218 954	218 954	221 712	3 014
Brutto driftsresultat	-11 741	-4 498	-4 498	-2 299	-9 442

Årsrekneskapet viser eit brutto driftsresultat (før finans) på 11,7 millionar kroner. Dette utgjer eit brutto driftsresultat på 5,0%, mens den i 2013 var på 1,0%.

Tek ein med finanspostar og motpost til avskrivningar kjem ein til netto driftsresultat :

Tall i 1000 kroner	Rekneskap 2014	Regulert budsjett 2014	Opprinneleg budsjett 2014	Rekneskap 2013	Endring 2013-2014
Brutto driftsresultat	-11 741	-4 498	-4 498	-2 299	-9 442
EKSTERNE FINANSINNTEKTER					
Renteinntekter og utbytte	-2 331	-2 360	-2 360	-2 516	185
Gevinst Finansielle instrumenter (omløy	-9	0	0	0	-9
Mottatte avdrag på lån	-56	0	0	-25	-31
Sum eksterne finansinntekter	-2 397	-2 360	-2 360	-2 542	144
EKSTERNE FINANSUTGIFTER					
Renteutgifter, provisjon og andre finansu	4 805	7 615	7 615	4 881	-76
Tap finansielle instrumenter (omløpsmid	0	0	0	0	0
Avdragsutgifter	6 052	8 585	8 585	6 490	-438
Utlån	13	60	60	95	-82
Sum eksterne finansutgifter	10 871	16 260	16 260	11 466	-595
Resultat eksterne finanstransaksjoner	8 473	13 900	13 900	8 924	-451
Motpost avskrivningar	-6 780	-4 949	-4 949	-6 610	-171
Netto driftsresultat	-10 048	4 453	4 453	16	-10 064

Netto driftsresultat er på 10,0 millionar kroner. Dette utgjer ein resultatgrad på 4,25%, mot 0% i 2013.

Dersom me korrigerer for auken i eigedomsskatten vert resultatgraden i 2014 på 2,31%.

Ein såpass positiv resultatgrad gjev oss handlingsrom for dei oppgåvene som ligg føre oss. I tillegg kan me byggje opp ein buffer for uføresette hendingar som kan kome.

Resultat og disponering :

Tall i 1000 kroner	Rekneskap 2014	Regulert budsjett 2014	Opprinneleg budsjett 2014	Rekneskap 2013	Endring 2013-2014
AVSETNINGER					
Overføring til investeringsrekneskap	550	520	520	1 380	-830
Dekning av tidlegare års rekneskapsmess	0	0	0	0	0
Avsetning disposisjonsfond	4 963	0	0	0	4 963
Avsetning til bundne driftsfond	1 102	138	138	1 515	-413
Sum avsetninger	6 615	658	658	2 895	3 720
Regnskapsmessig mer-/mindreforbruk	-4 316	0	0	0	-4 316

Årets resultat er på 4,3 millionar kroner etter fondsavsetjing (der eigedomsskattefondet på 4 millionar kroner er den største posten).

Det vil i åra framover vere svært viktig å ha fokus på driftsresultatet. Me bygger opp dei frie fonda i år, og dette gjev oss handlingsrom gjennom dei neste åra. Målsetjinga må likevel vere å ha ei drift som balanserer og der me kan ha fondsreservane som ei buffer dersom det skulle oppstå spesielle situasjonar.

Frie fond (tal i mill. kr.)

Disposisjonsfond 01.01.14	15,2
Udisponert frå 2013	1,1
Periodisering frå flyktningprosjektet	1,0
Årets overskot 2014	4,3
Sum disposisjonsfond 31.12.14	21,5
Eigedomsskattefond 31.12.14	4,0

Disposisjonsfondet har auka til 21,5 millionar kroner. I tillegg kjem eigedomsskattefondet på 4 millionar kroner.

Nøkkeltal for drifta 2014

Resultatgrad ⁱ	4,25 %
Disposisjonsfond ⁱⁱ	9,09 %
Gjeldsgrad ⁱⁱⁱ	54 %

Gjeldsgraden på 54% er låg samanlikna med mange andre kommunar. Men me står føre store investeringar, og basert på tal frå økonomiplanen vil me nærme oss 90 % i 2016 før gjeldsgraden igjen går nedover.

ⁱ Netto driftsresultat/sum driftsinntekter.

ⁱⁱ Ordinært disposisjonsfond/sum driftsinntekter

ⁱⁱⁱ Lånegjeld utanom startlån/sum driftsinntekter

Investeringar:

Utgifter tal i 1000 kr.	Rekneskap 2014	Regulert budsjett 2014	Opprinneleg budsjett 2014	Rekneskap 2013
Lønsutgifter	893	942	1 024	618
Sosial utgifter	214	242	244	130
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	21 615	22 383	76 782	7 038
Kjøp av tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon	7	0	0	12
Overføringer	1 969	2 342	15 233	1 088
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutg.	0	0	0	0
Fordelte utgifter	0	0	0	0
SUM utgifter	24 700	25 909	93 288	8 886

Av tabellen går det fram at investeringstakten i 2014 ikkje har vore like høg som budsjettet. Dette skuldast i all hovudsak ei forskyving på bygging av nytt omsorgssenter. Planleggingsprosessen har teke lengre tid enn opphavleg planlagt, men i løpet av 2015 vil gravearbeidet starta opp.

Som tidlegare nemnd er det i 2014 opparbeida eit fond på 4 millionar kroner frå eigedomsskatten til betjening av renter og avdrag til komande investeringar.

1.3 Drift per eining

Tal i 1000 kr	2014			2013	2012
	Rekneskap	Rev.budsjett	Budsjett	Rekneskap	Rekneskap
Sentraladm./stab/støtte	20 572	22 372	20 922	20 851	18 169
Oppvekst	55 930	57 710	54 836	56 470	57 291
Helse og sosial	72 888	74 175	67 343	68 211	66 777
Landbruk og teknisk	14 767	15 260	14 556	13 993	15 537
Sum einingar	164 157	169 517	157 658	159 525	157 774

Einingane syner eit samla mindreforbruk i 2014 på 5,4 millionar kroner mot revidert budsjett. Alle einingane har halde seg innanfor tildelt ramme gjennom året.

1.3.1 Sentraladm./stab/støtte

Området sentraladm./stab/støtte har hatt eit mindreforbruk på 1,8 millionar kroner mot revidert budsjett. I all hovudsak kan dette avviket forklarast med vakanse samt mindre konsulentbruk på planområdet (1,4 mill.).

Bruk av revisjon har også vore lågare enn budsjettert (0,36 mill. kroner). Begge desse ligg under linja ansvar 1100 - Kommunestyre, formannskap, nemder.

1.3.2 Oppvekst

Oppvekstetaten har også i år jobba hardt for å halda kostnadene på eit minimum. Det gode resultatet kjem av særleg god budsjettdisiplin på dei ulike einingane. Dei tilsette er flinke til å ta eit ekstra tak når nokon er vekke, og me har leiarar som prøver å driva så økonomisk som mogleg. Dette gav ei innsparing på oppvekstbudsjettet på 1,7 mill. kr. At talet på tilsette på skulane har ein monaleg nedgong, viser og att i budsjettala. I høve til 2013 har det vore ein auke i elevtal ved Onarheim skule og vi har og utvida tal på barnehageplassar ved Onarheim barnehage.

1.3.3 Helse og sosial

Helse og sosial syner eit mindreforbruk på 1,3 millionar kroner mot revidert budsjett. I all hovudsak har dei enkelte einingane levert på budsjett, fleire einingar har vesentleg mindreforbruk samanlikna med budsjett. Det gjeld mellom anna bufellesskapa, barnevernsteneta, administrasjon.

Rekneskapan syner at sjukeheimen har truffe godt i høve til budsjetterte midlar dette året. Ein kan tenkje at det skuldast ei meir realistisk budsjettering, særleg i høve tilleggs løn og ferievikar. Bättre inntekter på brukarbetaling og sjukeløn, samt eit nøkternt bruk av lønsmidlar spelar og inn.

Heimesjukepleien har hatt noko høgare kostnader enn budsjettert, dette kan i hovudsak forklarast ut i frå pasientmessige behov og logistikk.

1.3.4 Landbruk og teknisk

Området landbruk og teknisk hadde eit mindreforbruk på 0,5 millionar kroner mot revidert budsjett. På plan og byggesak så er det eit vesentleg positivt avvik, her har avdelinga auka produktiviteten slik at dei har nådd inntektsmåla trass i at dei har hatt ein stilling mindre enn føresett.

Me har også med oss at det på område kart og oppmåling vart levert betre enn budsjett, også her er inntektsmåla nådd samstundes som det er avsatt stillingsressursar til adresseringsprosjektet!

2. PERSONAL

2.1 Organisasjonsdemografi

Tysnes kommune har over tid peika på eit behov for å få ned gjennomsnittsalderen i verksemda. Det er i grunnen ikkje alder som er problemet, men heller tilgong til ny arbeidskraft innan ulike områder. Me ser mellom anna med ein viss uro på at det vert utdanna for lite helsefagpersonell, me ser nok også at høgare utdanna personell generelt vil kunna gje oss utfordringar knytt til rekruttering i ulike faggrupper.

Kloke val og moglegheiten til å ha litt is i magen kan føra til at ei naudsynt fornying går fint. Me ser også at det er svært ønskjeleg å halda på den kompetansen dagens seniorar har. Under føresetnad av at me også i framtida lukkast med både seniorpolitiske tiltak og får ein arbeidsgjevarpolitikk som også er attraktiv for nye søkjarar så er det eit rett punkt.

Arbeidsgjevar arbeider saman med organisasjonane for å få på plass ein heilskapleg personalpolitisk plan bygd på livsfaseperspektivet.

2.2 Likestilling

I Tysnes kommune er omlag 84 % av dei tilsette kvinner, målt i talet på årsverk er 81 % av årsverka utført av kvinner. Gjennomsnitteleg stillingsstorleik for kvinner er framleis monaleg lågare enn gjennomsnitteleg stillingsstorleik for menn. Kvinner i verksemda har ein gjennomsnittleg stillingsstorleik på 70,4 %, medan tilsvarende tal for menn er 85,6 %. Dette er mellom anna knytt til at kvinner er overrepresentert innan fagområde der det vert nytta mykje delstillingar slik som pleie- og omsorg og oppvekst. Me veit også at kvinner er overrepresentert mellom ufaglærte medan menn er overrepresentert i gruppa for høgskuleutdanna, ut frå tidlegare kartleggingar av uønska deltid ser me at dette samsvarar med utdanningsnivå.

På fleire fagområde ser me at dei tradisjonelle mønstra vert brotne, me har dei siste åra rekruttert fleire kvinner til tradisjonelle mannsfag innan teknisk forvaltning. Tilsvarende har me fått noko fleire menn i omsorgsyрка. Innan fagområde barnehage er andelen menn svært låg i vår kommune, her kunne det vore ønskjeleg å fått auke den noko. Det er ikkje gjort noko form for kvotering ved ledige stillingar i Tysnes kommune. Den generelle rekrutteringa av menn er fallande.

Korrigert for stillingstype og stillingsbrøk har menn og kvinner lik løn i Tysnes kommune per 2014. Det er likevel ulikskapar knytt til ulike stillingar, det er også fleire kvinner enn menn som opplever uønska deltid. Ei jamnare kjønnsfordeling mellom nivå, etatar og avdelingar vil såleis verka til å minska skilnader i løn.

Kvinner er framleis overrepresentert på einings- og avdelingsleiarnivå, medan menn framleis er overrepresentert i strategisk leiing sjølv om det har jamna seg litt ut også her.

2.3 Arbeidsmiljø og sjukefråvær

Det samla sjukefråværet i Tysnes kommune gjekk kraftig opp i 2014 og ligg på eit nivå me ikkje kan leva med. Samla sett gjekk 5399 dagsverk tapt i verksemda som følgje av sjukefråvær.

Det er vanskeleg å sjå ein einskild forklaring på utviklinga, men noko kan skuldast for lite oppfølging frå sentralt hald, dette har mellom anna samanheng med at det over lang tid har vore vakanse i stillinga innan personal. I 2015 må det gjennomførast tiltak som fører oss attende til det som i alle fall har vore vårt normale nivå.

Tabell 2.1: Samla sjukefråvær i verksemda

	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Samla fråvær	7,9 %	7,83 %	8,33 %	7,31 %	8,28 %	10,55 %

Tabell 2.2: Sjukefråvær delt per sektor og fråværtype 2013 og 2014

	2014	2013	2014	2013	2014	2013
	Samla		Inntil 16 dagar		Over 16 dagar	
Sentraladministrasjonen	5,1 %	4,1 %	1,5 %	2,5 %	3,6 %	1,6 %
Oppvekst	8,3 %	6,3 %	2 %	1,5 %	6,3 %	4,8 %
Helse- og sosial	13 %	10,3%	2,3 %	3 %	10,7 %	7,3 %
Landbruk og teknisk	12,9 %	10,6 %	3,1 %	2,1 %	9,7 %	8,5 %
Samla	10,55 %		2,21 %		8,34%	

Tabell 2.2 viser klart at det er langtidsfråværet som er størst i verksemda, noko av dette fråværet er ikkje mogleg å gjera noko med, noko av det er knytt til hendingar av ulikt slag, men noko av det kan heilt sikkert løysast gjennom betre tilrettelegging av arbeidsoppgåver og vurdering mot omstilling i andre deler av verksemda. Det er den delen av fråværet me faktisk kan gjera noko med som må ha fokuset og ikkje statistikken i seg sjølv. Det skal vera lov å vera sjuk, men det er kjekkare å vera frisk!

Me vil også trekkja fram nokre lyspunkt i statistikken: Helsestasjonen hadde 0 % fråvær, Legekontoret hadde 0,28 % fråvær og Onarheim skule hadde 0,64 % fråvær! På desse tre tenestestadane var personale tilstades 2802 av 2813 moglege dagar. Totalt er det 12 rapporteringsstader som har eit samla fråvær under 1,5 %, desse var til stades 4819 av 4842 moglege dagar. 56 tilsette har vore tilstades utan fråvær, totalt 9552 dagar.

Oppsummert så har me ei utfordring med eit så høgt fråvær, ein del av dette må me ha ambisjon om å retta på, men noko av fråværet handlar om ting som berre tida kan retta på for den einskilde. Når me berre ser på statistikk kan me bli blenda på same måte som om me berre ser på einskilde medarbeidarar.

Det er gjennomført 40 timars kurs i arbeidsmiljø for verneombod og leiarar i 2014. I tillegg har Bedriftshelsetenesta i samarbeid med verneombod og verneleiarar gjort ei risikokartlegging ved det einstilte verneområde, arbeidet her vert fylgt opp vidare i 2015.

Arbeidstilsynet gjennomførte tilsyn med Tysnes skulane i 2014, det står framleis att ein del avvik før det er avslutta. Det er gjeve frist for lukking av avvika innan juni 2015. Hovudføremålet med tilsynet var innesklima, særskilt på Tysnes skule vart det avdekka tilhøve som var utilfredsstillande. I økonomiplanen er det sett av midlar til å bøta på ein del av punkta. Det kan også nemnast at det vart lagt opp nytt ventilasjonsanlegg på deler av Tysnes skule hausten 2014.

Det har vore ein del utfordringar knytt til arbeidsmiljø ved einstilte avdelingar; innan bufellesskapa har det vore store utfordringar med avvik og innan teknisk drift har det vore ein del samansatte problem. AMU og administrasjonsutvalet har vidare oppfølging av desse områda.

2.4 Kompetanse

Tysnes kommune fekk, etter søknad tildelt kr. 600.000 til å gjennomføra eit prosjekt knytt til basiskompetanse i arbeidslivet. Prosjektet er gjennomført i samarbeid med Folkeuniversitetet. Det er i samanheng med dette gjeve tilbod om to kurs over 80 timar for opplæring i grunnleggjande IT kompetanse. Deltakarane nytta si eiga fritid til å delta på kursa. Dette prosjektet vart avslutta i 2014.

Det er gjennomført vesentleg kompetanseheving på dei ulike sektorane.

Tabell 2.3: Utval av kurs og vidareutdanning – helse og sosial

Nivå	Kurs/vidareutdanning	Avdeling	Deltakarar
Kurs	Eldreomsorgens ABC, utviklingsprogram gjennom sjølvstudier og fagseminar	Ploms	14
	Nettverk i demens og kommunalt demensteam	Ploms	1
	Psykiske lidningar hjå eldre	Ploms	2
	E-læringskurs, oppfrisking, medikamenthandsaming	Ploms	22
	Basiskurs i hjerterehabilitering	Fysioterapi	1
	Motorisk utviklingsmetodikk	Fysioterapi	1
	Fysioterapi for barn med funksjonsnedsettelse, 0-6 år	Fysioterapi	1
Fagutdanning	Teori Institusjonskøkk ved senter for vaksenopplæring Årstad vgs	Ploms	1
	Fullført fagbrev i helsefagarbeid	Ploms	1
	Praksis løna gjennom prosjektmidlar for å nå fagbrev som helsefagarbeidar	Ploms	2
	Praksis løna gjennom prosjektmidlar for å nå fagbrev som helsefagarbeidar	Ploms	2
Vidareutdanning Høgskule	Kreftsjukepleie og palliativ omsorg	Ploms	1
	Vidareutdanning i sårbehandling	Ploms	1
	Kreftsjukepleie og palliativ omsorg	Ploms	1
	Vidareutdanning i kommunehelseteneste	Ploms	1

Som tidlegare år, vart det i 2014 søkt kompetansemidlar frå Fylkesmannen til kompetansutvikling i barnevernet. Ein fekk ikkje tildelt midlar dette året, då midlane vart nytta til større prosjekt i einstilte kommunar. Eit av desse opplæringstiltak har Tysnes barnevernteneste delteke på gjennom opplæring i Kvello - metode i undersøkingsarbeidet, eit opplæringstiltak som vert vidareført i 2015. Til liks som dei to siste åra, hadde Tysnes barnevernteneste ambisjonar og konkrete planar om gjennomføring av tverretatleg kurs hausten 2014. Dette vart ikkje realisert grunna bemanningssituasjonen, men me håpar å komme sterkare tilbake i 2015!

Skulane og barnehagane har eigen kompetanseutviklingsplan som vert revidert kvart år.

Tabell 2.4: Kurs og vidareutdanning - oppvekst

Utdanning	Fag	Status	Deltakar	Faggruppe
Master	Skuleleiing	Under gjennomføring	1	Rektor
Komeptanse for kvalitet	Engelsk	Fullført 2014	1	Lærar
	Leiing i klasserommet	Fullført i 2014	1	Lærar
	Rådgjeving	Fullført i 2014	1	Lærar
	Matematikk 1.-7. klasse	Starta i 2014	1	Lærar
Vidareutdanning	Rettleiing	Under gj.føring	3	Ped.leiarar
	Synspedagogikk	Under gj.føring	1	Styvar
	Barnehagelærar	Under gj.føring	1	Ped.leiar

I tillegg til dette er det gjennomført ulike kurs retta mot heile eller deler av personale.

I 2014 har alle styvarar og rektorar delteke på Midthordland kompetanseregion si organisasjonsutvikling for godt eigarskap, godt leiarskap og godt medarbeidarskap.

Oversiktene over er ikkje uttømmende, men viser at det i stor mon vert tilrettlagd for vidareutdanning og kursing i verksemda.

2.5 Rekruttering

Gjennom året har me hatt vakansar i sentrale stillingar i dei fleste deler av organisasjonen, her kan nemnast barnevern, personal, planlegging, planleggjar med vidare. Nokre av desse vakanane må sjåast i ljøs av ei budsjettføring om å redusera kostnader, og noko må sjåast i ljøs av at me ikkje klarer å tiltrekkja fagpersonell.

2.5.1 Sentraladministrasjonen

Det vart rekruttert ny personalrådgjevar hausten 2014, stillinga vart tiltredd i 2015.

Etter fleire forsøk har det ennå ikkje lukkast å rekruttera arealplanleggjar som skal koordinera kommunen si eiga planlegging og ivareta forvaltningsoppgåvene knytt til plan, tilsyn og kontroll.

2.5.2 Oppvekst

Det er berre utdanna pedagogar i alle lærarstillingane på skulane, også i vikariat.

Dette året har me og hatt barnehagelærarar i alle pedagogiske leiarstillingane. Me har også merkja oss at det for tida er fem tysnesingar som studerer til å bli barnehagelærar. Me har von om at me over tid vil kunna tilsetja nokre av desse! Det er uansett positivt at det er god ettervekst innan eit yrke der det er vanskeleg å få tak i nok kvalifisert arbeidskraft.

Tysnes kommune har søkt om godkjenning som opplæringsbedrift også i barne- og ungdomsarbeidarfaget og har von om at me skal kunne ta lærlingar også innan dette fagområde.

2.5.3 Helse- og sosial

Tilgangen på sjukepleiefagleg og generell helsefagleg kompetanse har vore bra dette året og. Alle sjukepleiarstillingane, både dag og natt er no tilsett sjukepleiar i. Dei fleste fagarbeidarstillingane er tilsett kompetent personell i. Ein del permisjonar og sjukefråvær gjer at det framleis er naudsynt med bruk av vikarbyrå.

Vi har nytta vikarbyrå gjennom heile året. I ferietida hadde vi til saman 8 vikarar med sjukepleiefagleg/helsefagleg kompetanse. Dette har fungert bra, og sjølv om kostnaden er høgare, ser vi at vi oppnår gode, fleksible løysingar som betre sikrar fagleg forsvarlege tenester til brukarane. Store stillingsstorleikar (75 % og over) rekrutterer bra. Samstundes opplever vi at vi slit med å rekruttere i dei små stillingsdelane og helgeavløysarstillingane, samt i vikariat.

I pleie- og omsorg er det ein ordinær lærling og ein TAF lærling inne i 2014. Når det gjeld TAF lærlingar så har policy'en vore at me hentar inn dei som har lokal tilknytning.

Det er ein utfordringar knytt til rekruttering av vernepleiarar til bufellesskapa, også her har me vanskar med å rekruttere til dei små helgestillingane våre. På Dagsenteret har me fått gjort om småstillingar, så no har me tre fulle stillingar og ein 18 % .

Kommuneoverlegen sa opp si stilling i 2014 og me er veldig glad for at Anita Midttun takka ja til å gå inn i stillinga, utfordringa no er å rekruttere ein ny kommunelege.

2.5.4 Landbruk og teknisk

På eining for forvaltning er det ei utfordring at stillinga som arealplanleggjar ikkje ennå har funne si løysing, stillinga er tenkt å i det vesentlege vera knytt til denne eininga for å ivareta handsaming av private planar, tilsyn og kontroll samt byggjesak. Det er inngått ein rammeavtale om kjøp av tenester på byggjesakshandsaming, men det er ikkje vurdert turvande å nytta denne p.t.

Me har hatt langtidsfråvær i ei stilling ved teknisk drift i 2014, dette har vore løyst dels gjennom å leiga inn eksternt og dels gjennom omstilling av eige personell.

2.6 Etikk

Tysnes kommune sine gjeldande etiske retningslinjer vart vedtekne i 2009, og er framleis lagt til grunn for både ombod og tilsette.

Arbeid med etikk vert elles fylgt opp i varierende grad i dei ulike einingane, dette er også knytta til kva problemstillingar som til ei kvar tid dukker opp. Dei etiske retningslinjene er nyttige og gjev eit godt grunnlag for drøfting når me kjem opp i situasjonar som kan vera krevjande.

Tysnes kommune har i tillegg til etiske retningslinjer og vedteke reglement for intern varsling av kritikkverdige tilhøve. Det vert som fast rutine vist til at me ønskjer varsling av slike tilhøve ved tilsetjing. Det er eit mål å innarbeida etikk som ein fast del av eit introduksjonsprogram for nytilsette.

3. POLITIKK, UTVIKLING PROSJEKT OG PLAN

3.1. Politikk og samfunnsutvikling

I senter for all vår verksemd står dei politiske vegvala og strategiane som vert meisla ut i kommunestyre. I dei ulike rapportane frå tenesteområda står det litt om politiske saker til handsaming, men dette tilkjennegev ikkje i særskilt grad dei politiske vala.

Me har såleis lagt inn eit nytt kapittel i årsmeldinga der me går summarisk gjennom ein del av dei politiske vegvala i verksemda.

Utval	Møtedato	Sak	Oppfølging
Kommunestyre	18. februar	Forprosjekt Tysnes skule	Ja
	18. februar	Forprosjekt Nytt omsorgssenter	Ja
	18. februar	Revidering av reglement for finansforvaltning	Ja
	18. februar	Kommunalt eigedomsselskap	Inga ytterlegare oppfølging.
	18. februar	39 traseval	Ja
	18. februar	Grunnlovsfesting av lokaldemokratiet	Ja
	13. mai	Kulturmidlar til ålment kulturarbeid- nye kriteria for tildeling	Ja
	13. mai	Laukhammer fritid – tilskot til parkeringsplass	Ja
	13. mai	Opptak av startlån til vidare tildeling	Ja
	13. mai	Skiping av ny stilling i barnevernet	Ja
	13. mai	Reglement for påskjøning – revidering	Ja
	13. mai	Plan for tilpassa opplæring, spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp	Ja
	13. mai	Endring i barnehagevedtektene	Ja
	17.juni	Kommunereform Sunnhordland	Ja
	17. juni	Utviklingsprogram for byregionar	Ja
	17. juni	Statleg godkjenning av kommunale låneopptak m.m. – kommunereform	Ja
	17. juni	Sanksjonar og oppfølging av ulovlege tiltak etter plan og bygningslova	Ja
	17. juni	Strategiplan for tilsyn	Delvis
	17. juni	Tilstandsrapport for skulane	Ja
	16. september	Bompengering – Tysnes	Ja
16. september	Regional kulturplan – Høyring	Ja	

16. september	Kommunereform – klargjering av KS sitt mandat	Ja
16. september	Prosjekthandboka – Internkontroll prosjekt	Ja
16. september	Flytt til Tysnes – tiltakspakke	Ja
16. september	Medlemsskap i Bergensalliansen	Ja
16. september	Framlegg til reguleringsplan Henningsha- gen	Ja
28 oktober	Kommunal planstrategi rev	Ja
28. oktober	Industriområde Dalland	Ja
28. oktober	Lokal fartsforskrift Lukksund	Ja
28. oktober	Omorganisering av reiselivsarbeid i Hor- daland – uttale	Ja
28. oktober	Oppstart av ROS analyse	Ja
28. oktober	Politisk omorganisering	Ja
28. oktober	Dispensasjonssøknad Vernøy	Ja
16. desember	Planprogram – kommunedelplan for kul- turminne	Ja
16. desember	Oppstart av kartlegging og verdsetjing av friluftsområder	Ja
16 desember	Framlegg til reguleringsplan for Krokjen- Lande	Ja
16. desember	Gratisprinsippet i skulen	

Ovanstående tabell viser eit knippe av dei sakene som kommunestyret hadde til førehaving i 2014. Ein god del saker er ikkje teke med slik som godkjenning av årsmelding, rekneskap, budsjett m.v. Dei sakene som er teke med fortel likevel ein del om breidda i politikken.

Ein av dei raude trådane som går gjennom året er kommunereform. Me starta året med å støtta opprop om grunnlovsfesting av lokademokratiet i februar. I juni tilslutta me oss eit felles moglegheitstudium for kommunerform i Sunnhordland, i same saka sytte me også for å halda dørene opne for andre eventuelle «friarar». Me gav også vår tilslutning til Utviklingsprogram for byregionar, vel vitande om at me snart kunne bli ennå tettare knytt til byen Leirvik, men me sa nei til at staten skulle godkjenna kommunale låneopptak under påskot av å passa på uansvarlege kommunar. I september var atter ein gong kommunereform tema, denne gongen handla det om å gje støtte til at vår eigen interesseorganisasjon KS skulle få ta del i arbeidet.

Gjennom året har dette arbeidet gått i regi av Samarbeidsrådet i Sunnhordland med deltaking frå kommunestyrerepresentant Tore Atle Humlevik og ordføraren. I løpet av 2015 må arbeidet konkretiserast om det skal vera mogleg å halda framdrifta med vedtak våren 2016.

Ein anna raud tråd er fokuset på store prosjekt, eit av desse er nytt omsorgssenter, eit anna er Tysnes skule. Dei to forprosjekta vart lagt fram parallelt i møte i februar. Det eine vart det satt trykk på medan det andre var skyvd litt ut i økonomiplanperioden. Frå tid til anna kan me få

inntrykk av at forprosjektet på Tysnes skule var eit fåfengt arbeid. Rådmannen meiner at dette er eit av dei forprosjekta som har gjeve oss klarast retning, me skal då ha med oss at me i samband med skulebruksplanen fekk skissert eit prosjekt frå ABO til om lag 45 mill. nok for ei ombygging til 1-10 skule på Gjerstad. Gjennom forprosjektet kom det fram eit anslag på om lag kr. 160 mill. Prosjektet legg klare føringar på kva me må gjera vidare: Vøla undomssteget og byggja nytt mellomtrinn. Det var også svært gledeleg at me fekk på plass eit internkontrollsystem for prosjektstyring i 2014.

Det er elles vanskeleg å koma utanom veg. Faktisk vart det ikkje lengre sidan enn i februar 2014 at me presiserte vårt syn på kor brukryssinga burde koma, etter dette har det skjedd veldig mykje opp mot E39. Det har vore ei rekkje ulike møter knytt til prosjektet og det er neppe nokon som kan vera i tvil om kva Tysnes kommune meiner i saka. E39 heng også litt saman med eit anna strategisk val i meldingsåret, nemleg at Tysnes kommune søkte medlemskap i Bergensalliansen. Den største vekstkrafta ligg truleg nord for oss og då er det viktig å ha ei plass rundt bordet når vedtak skal gjerast. Me veit at Bergen er ein attraktiv arbeidsmarknad, og me veit at det i Bergen er stor mangel på næringsareal. Framføring av E39 legg Tysnes kommune midt i smørauga for ei framtidig utvikling der Bergen skal bindast saman med Sunnhordland, Haugalandet og Stavangerregionen. Svegtjørn-Rådal vil vera første lenkja i den kjeda.

Bompengering vart mykje drøfta i ein periode, eller prinsippvedtak om innføring av bompengar for å utløysa fylkeskommunale planmidlar. No vart det ikkje gjort eit slikt vedtak og det kan kanskje synast som at midlar til planleggjing ikkje sit så laust som me hadde von om, men me får sjå i oppfølginga.

Når me først er inne på E39 kan me heller ikkje gløyma ulike planar som var til handsaming. I juni vart sentrumsplan for Våge formelt lagt til høyring. I oktober var me ferdig med planarbeidet for nytt næringsareal på Øvre Dalland og planen for Henningshagen og Krokjen-Lande fann også si endelege godkjenning i året som gjekk Dette er planar som fort kan visa seg verdfulle om Tysnes får ein vekst som Hordaland fylkeskommune antyder i sitt moglegheitsstudium, der dei peikar på scenario med dobling av folketalet på Tysnes innan 2040! Arbeidet med E39 er også ein av grunnane til at den kommunale planstrategien vart vurdert på nytt – det er vanskelg å tenkja seg oppstart av samfunnsdelen før me veit litt meir om framføringa av E39.

I september var Flytt til Tysnes – tiltakspakke klubba gjennom. Tysnes kommune bidreg til tiltakspakken med ein rabatt på tomtar inntil kr. 100.000, i tillegg deltek me med kr. 200.000 til marknadsføring. Prosjektet er enkelt og lite byråkratisk og kanskje det er kriteria for å lukkast med slike prosjekt. Rådmannen trur kanskje ikkje at prosjektet i seg sjølv skal vera ein mirakelkur, men ser det som eit av fleire tiltak som kan dra oss i rett retning. Me tar uansett med oss positive verknader frå «stuntet» med å gje tilflyttar som melder flytting før 1. juli gratis festivalpass til Tysnesfest. Elles er det berre å registrera at me for første gang på mange år har høgare folkevekst enn snittet både i Hordaland og på landsbasis.

Dei andre sakene som er ført inn i tabellen over er for å visa breidda i arbeidet, nokre av dei vert naturleg kommentert seinare i årsmelding og nokre av dei vert det ikkje.

3.2 Prosjekt

Både politikarar og administrasjonen har arbeida mykje i 2013/14 med nye prosjekt og nye planar. Prosjekta og planane er mange, og dermed også behovet for turvande personalressursar og finansiering. Dette krev i sin tur ei grundig sakshandsaming og fokus på dei rette prioriteringane. I prosessen har det stort sett vore ein felles oppfatning av kva prosjekt som skulle prioriterast, men kanskje noko ulik oppfatninga av korleis denne prioriteringa skulle koma til uttrykk. Dette har spesielt vore tema knytt til det nye omsorgssenteret og ombygging/rehabilitering av Tysnes skule. Etter kvar har det likevel etablert seg ei felles forståing om at Tysnes omsorgssenter skal prioriterast framfor Tysnes skule, men at Tysnes skule skal få si finansiering så snart dette er mogleg ut frå Tysnes kommunes sin økonomiske handlefridom.

I denne meiningsutvekslinga gav politikarane administrasjonen ei føring om at omsorgssentret skulle leggjast ut som ein open førespurnad. Dette har for administrasjonen vore ei stor utfordring etter som me på den eine sida ønskjer så høg kvalitet på omsorgssenteret som mogleg, men samtidig ønskjer å spara pengar ved å gje entreprenør stor handlefridom innanfor sine løysingar. Gjennom 2014 har dette vore tema i både formannskap og kommunestyre, og sommaren 2014 blei det lagt fram ei sak der kommunestyre gjore vedtak om at forprosjektet skulle leggjast ut som ein totalentreprise, men med krav om forhandlingar.

Med dette utgangspunktet kunne administrasjonen arbeida vidare med å utarbeida ein førespurnad. Dessverre så har arbeidet snubla litt under vegs etter som byggets plassering blei tema ut over hausten/vinteren 2014/15. Saka kom opp på nytt til handsaming i kommunestyre som gjorde endeleg vedtak om at forprosjektet skulle leggjast til grunn, men med turvande justeringar for å få eit best mogleg resultat.

3.2.1 Investeringsprosjekt

Så langt er følgjande prosjekt ferdigstilt eller under arbeid:

Tabell 3.1: Status prosjektarbeid og investeringar 2012/13/14

Prosjekt	2012	2013	2014
Våge kai - utviding/utbygging	Avslutta		
Skianlegg Løkjen – utbygging	Avslutta		
Rutebåtkai Malkenes – utbygging	Avslutta		
Lunde barnehage - ombygging		Avslutta	
Lunde parkering – utbygging		Avslutta	
Modulbarnehage Reiso – utbygging	Avslutta		
Nytt omsorgssenter – forstudie		Avslutta	
Nytt omsorgssenter – forprosjekt		Avslutta	
Nytt omsorgssenter - hovudprosjekt			Under arbeid
Energiløysing nytt omsorgssenter - utgreiing			Under arbeid
Tysnes skule – forprosjekt	Avslutta		
Rådhuset - planlegging/ombygging			Under arbeid
Heningen kai - planlegging/utbygging			Avslutta
Elsakervågen kai – utgreiing	Avslutta		
VA i ny gangveg Uggdal - planlegging/utbygging			Under arbeid
Rehabilitering prestabustaden Jensvoll			Under arbeid
Apalvikjo badeplass planlegging/utbygging			Under arbeid
Vågsmarka busstopp planlegging/utbygging			Under arbeid
Onarheim barnehage/skule tilbygg etc.			Under arbeid

Hovudfokus i 2014 har vore på 4 prosjekt

- Utarbeiding av ein førespurnad på Tysnes omsorgssenter. Dette arbeidet blei starta opp sommaren 2014 med målsetjing om ferdigstilling ved årsskiftet 2014/15. Dessverre så har dette dratt inn i 2015, og er no planlagt ferdig ca mai 2015.
- Heningen industrikai blei påbyrja sommaren 2014 og ferdigstilt og overlevert i desember same år. Veidekke AS blei valt som entreprenør og hadde i heile prosjektfasen ei god styring på prosjektet. Berre mindre uføresette problem dukka og prosjektet var overlevert både til rett tid og på budsjett.
- Det blei gjort vedtak om at rådhuset skulle ombyggast for å få samla helsetenestene - og den nye fellestenesta med resepsjon og arkiv. Arbeidet blei påbegynt sommaren 2014 og blei på det næraste ferdigstilt ved årsskiftet 2014/15. Berre mindre arbeid

gjenstår i 2015 - blant anna arkivreolar og infotavler. Også dette prosjektet er levert til så godt som rett tid og på budsjett.

- Statens vegvesen starta opp arbeidet med ny gangveg mellom Uggdalseidet og rådhuset på våren 2014. Tysnes kommune og Uggdal vassverk skal leggja VA i gangvegen og har teikna ein utbyggingsavtale med SVV om at arbeidet skal tas inn i kontrakten med valt entreprenør og at arbeidet skal utførast parallelt. Arbeidet ser no ut til å bli ferdigstilt i løpet av sommaren 2015.

Ut over dette er det sett i gang arbeid med å rehabilitera prestebustaden på Jensvoll. Manglande vedlikehald dei seinaste åra har ført til at kledning og tak må skiftast samtidig som betongdekke over garasje har store lekkasjar. Arbeidet blei i hovudsak ferdigstilt i 2014, men bygget skal som ein del av rehabiliteringa målast våren 2015.

Det er også igangsett planlegging av Apalvikjo badeplass som eit fellesprosjekt med Lunde bygdalag. Arbeidet er planlagt gjennomført våren/sommaren 2015.

Trafikksikring av busshaldeplassen for skuleborna i Windsorkrysset har vore tema i lang tid og ny løysing har vore under arbeid, og planlagt. Arbeidet er planlagt gjennomført før skulestart hausten 2015.

Det har også vore gjennomført mindre bygningsmessige tilpassingar for ei utviding av barnehagen på Onarheim.

Prosjektet knytt til adressetildeling er kome godt i gang trass i at me mista prosjektmedarbeidaren vår i juni.

3.3 Planarbeid

Kommunestyret gjorde vedtak om kommunal planstrategi hausten 2013. I den vedtekne planstrategien var det mellom anna lagt opp til at rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel skulle startast opp i 2014. Dette arbeidet er sett på vent fram til Statens vegvesen har kome noko lengre i si planlegging av E39. Det er inga tvil om at framføring av E39 vil få stor påverknad på Tysnes og det er viktig at me legg dette til grunn i framtidig planarbeid.

Det har også vore arbeidd med reguleringsplan for eit nytt industri-/næringsområde på Øvre Dalland vart godkjent i 2014.

Reguleringsplan for omsorgssenteret var i hovudssak klar i 2014 og kom til endeleg godkjenning i 2015.

Områdeplanen for Våge sentrum vart lagt fram i 2014 med høyringsfrist i oktober, høyringsfristen vart av ulike omsyn forlenga til desember. Det ligg p.t. føre motsegn til planen frå Hordaland fylkeskommune. Det er også gjennomført formøte med fylkesmannen der det mellom anna er stilt krav om ei meir omfattande konsekvensutgreiing for utfylling i sjø. Me skulle

ønskja at arbeidet var ferdigstilt no, men det står framleis ein del arbeid att. Det at denne saka har trekt ut bør vurderast opp mot eventuelle dispensasjonssøknader.

Gjennom samarbeidsrådet for Sunnhordland deltek kommunen i ein interkommunal strandoneplan for Sunnhordland. Når denne er godkjent skal den vera grunnlag for å ta opp igjen nye strandonevurderingar i kommuneplanssamanheng.

Det er svært gledeleg at me hausten 2014 fekk lagt fram planprogram for kulturminneplan for kommunen. Me har von om at ein ferdig plan skal opna opp for ein klarare prioritering av ulike kulturminner og at dette vil gjera dialogen mellom Tysnes kommune og Hordaland fylkeskommune ennå betre. Me har også von om at planen kan gje eit godt grunnlag for satsing på vår rike kulturhistorie i ein nærings – og reiselivssamanheng

Av private planar vart det vedtekne planar for Krokjen/Lande og Henningshagen. Desse to planane vil venteleg få stor innverkad på utviklinga i Tysnes- og Onarheimsbygda!

4. TENESTEOMRÅDA

4.1 Sentraladministrasjonen

4.1.1 Organisasjon

Sentraladministrasjonen har m.a. følgjande arbeidsoppgåver:

- saksførebuing og oppfølging for politiske organ
- overordna styring vis å vis etatane
- ekspedering av saker
- driftsansvar for kommunen sine økonomifunksjonar
- oppsyn med fellestenestene
- Kultur
- Næring
- Plan

I 2014 samla me rådmannskontoret og økonomikontoret formelt i ei avdeling, dette er knytt til ønskje om ennå betre utnytting av ressursane.

4.1.2 Politisk aktivitet

Ei av hovudoppgåvene til sentraladministrasjonen er politisk støtte og sentraladministrasjonen er politisk sekretariat for ei rekkje utval.

Tabell 4.1: Saker til politisk handsaming

Utval	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Kommunestyre	59	73	96	89	72	69
Formannskap	115	130	91	88	107	97
Administrasjonsutval	15	18	6	12	4	9
Klagenemnd	-	-	-	-	-	-
Andre ^{iv}	22	188	104	132	115	130

4.1.3 Post og arkiv

I 2013 peika me på behovet for å få etablert ein samla arkivplan for verskemda og når IKAH^v Hordland starta opp med samlingar for arkivplan hausten 2014, valde me, til tross for at me stod framfor ei stor organisatorisk omstilling, å følgja den. Dette var den siste work-shoppen i regi av IKA Hordland i denne omgang. Me deltok med 2 personar på 5 samlingar i IKAH sine lokale, frå august til november. Arkivplanen vart lagt ut på arkivplan.no i midten av novem-

^{iv} 18 saker i AMU, 2 saker til sakkunnig nemnd, 67 saker til tilsetjingsutvalet, 35 saker for ungdomsrådet og 8 saker for eldrerådet.

^v Interkommunalt arkiv Hordaland

ber. Dette er ein levande arkivplan og skal heile tida gjenspegla organisasjonen. Dette medfører at når me i løpet av 2015 får gjennomført den siste delen av strukturendringa, må planen justerast i samsvar med denne. Målet med planen er at han skal bli eit godt arbeidsverktøy for organisasjonen.

I samband med ombygginga på rådhuset vart stab og støttetjenester samlokalisert i 1. etg i rådhuset i nov/des. Fellestjenesta skal også drifta kundetjenesta ved inngangen i rådhuset. Det er også bygd nytt arkivrom i tilknytning til dette, og saksarkivet for rådhuset skal no verta samla her.

4.1.4 Administrasjon

Det er ikkje gjennomført endringar i leing eller administrasjon av avdelinga i 2014.

4.1.5 Vedtaksoppfølging

Kommunestyret vedtok i møte 10.10.06 eit system for oppfølging og effektivering av politiske vedtak.

Me har ikkje fått meldingar frå etatane om spesielle utfordringar med konkrete vedtaksoppfølgingar. Me burde likevel vore kome vidare med dei uavklarte sakene som ligg i kjølvatnet frå innføring av eigedomsskatten, strategiplan for tilsyn og kontroll skal likevel vera eit godt utgangspunkt i det vidare arbeidet her.

Generelt er det ofte slik at ein del oppgåver av heilt naturlege grunnar vert gjennomførte over fleire år. Me kjem kanskje oftast bort i det i ulike investeringsprosjekt, men det kan også gjelda meir driftsrelaterte forhold.

4.1.6 VAL

2014 var eit kvileskjer i valarbeidet fram til kommunevalet som skal avviklast i 2015, for å sikra kontinuitet og overlapp av kompetanse vart ansvar for val lagt til stillinga som personalrådgjevar.

4.1.7 IT

I 2014 vart den nye nettsida for kommunen lansert. Denne er bygd på ny teknologi og gjer at me har eit meir framtidsretta verktøy for å kunna yta døgnopne tenester på nett. Det står framleis att mykje arbeid med å gjera den heimesida heilt optimal.

Brot i telesambandet skapar problem for den daglege drifta innan IT-løysingane. Særleg alvorleg er at helsenett oftast også vert ute av drift når telesambandet er nede. Dette er alvorleg ut frå at stadig meir informasjon til og frå legesystemet går elektronisk via helsenett. Døme er e-resept og lab-svar frå Haukeland. Pr i dag har ikkje Norsk Helsenett kunna tilby reserveløysingar når det ordinære nettet er nede.

Straumbrot er også eit stort problem for serverane på rådhuset. Ukontrollert stans medførte fleire gonger i 2014 til svært kostbare feilrettingar. Eit naudstraumsaggregat, med automatisk oppstart ved straumbrot, på rådhuset vil løysa dette problemet. Me ser føre oss å ha på plass nytt naudstraumsaggregat innan utgongen av 2015.

Brot i telesamband/fiber til rådhuset og straumbrot, er dei 2 største utfordringane me har innan IT i dag. Den 3. største utfordringa er opplæring. Me ser i den daglege drifta at det er trong for meir opplæring innan bruk av IT-system. Dette gjeld både generell datakunnskap og kunnskap om bruk av fagprogram. Større ferdigheter innan databruk vil nok gjera det mykje lettare å kunna realisera gevinstane av dei ulike datasystema.

4.1.8 Personal

Den sentrale personalressursen innan personal er plassert i sentraladministrasjonen, stillinga har vore i vakanse sidan mai 2014. Det at stillinga har stått i vakanse har klart gjeve fleire utfordringar, men me er glad for at det hausten 2014 vart gjort tilsetjing og at stillinga er tiltredde i 2015.

4.1.9 Innkjøp

Tysnes kommune har sidan 1996 vore knytt til Sunnhordland Interkommunale Innkjøpsforum saman med kommunane Bømlo, Fitjar, Kvinnherad og Stord. Stord kommune er vertskommune. Kommunane har eit godt etablert samarbeid mot Haugalandet, Hardanger og Hordaland fylkeskommune. Samla sett gjev dette samarbeidet oss både god kompetanse og fleire ressursar på innkjøp

I tillegg til alle felles anbodskonkurransane som Tysnes kommune er med på, har Tysnes kommune i 2014 gjennomført fleire eigne anbodskonkurransar mellom anna knytt til nytt omsorgssenter, ombygging av rådhuset, ombygging av Prestebustaden, friområde i Apalvika, Kai på Heningen, ny brannbil.

Ved nye innkjøpsavtaler vert det stilt krav om fakturaer i elektronisk format. I 2014 fekk Tysnes kommune ca. 50 % av innkomne faktura elektronisk. Dette er ei gledeleg utvikling og målet er at me skal komma så nært 100 % som mogeleg.

Elektronisk handel over E-handel/IBX har også utvikla seg positiv i 2014 og med ein felles ressurs i Sunnhordland Interkommunale Innkjøpsforum som har ansvaret for dette området har me von om at trenden fortset!

At bestilling, fakturering og fakturakontroll vert gjort elektronisk har ført til innsparingar i bruka av ressursar, betre prisar og rettare innkjøp. Det har også medført at leiarar i kommunen har mykje betre kontroll over eige budsjett.

For nærare detaljer viser me til årsmelding frå Sunnhordland Interkommunale Innkjøpsforum.

4.1.10 Eigedomsskatt

Tysnes kommunestyre gjorde i september 2008 prinsippvedtak om å innføra eigedomsskatt i heile kommunen frå 01.01.09. Ved innføring var skattesatsen på 2 promille.

I 2014 vart eigedomsskattesatsen auka til 3,8 promille, ut frå at investeringstakten har vore lågare enn føresett vart det gjort ei avsetning til investeringsfond på om lag 4 mill. i 2014.

4.1.11 Beredskap

I 2014 var det fleire hendingar knytt til at telesambandet fall ned, dette er krevjande i ein beredskapsmessig samanheng. Etter siste hending vart det lagt inn IP telefoni til sjukeheim og legekontor som eit tillegg for å redusera sårbarheit.

Samarbeidet med Tysnesfest om beredskap var god også i 2014. Det vart lagt ned mykje godt arbeid for at ein skal vera mest mogeleg budd på uønska hendingar under Tysnesfest.

Det er eit behov for å oppdatere den overordna ROS analysen i kommunen, og det er gjort eit vedtak i kommunestyret om oppstart på dette arbeidet i 2015. I vedtaket ligg det også at dei andre beredskapsplanane skal gjennomgåast/oppdaterast.

Det er varsla tilsyn av Fylkesmannen på kommunen sine beredskapsplanar i 2015. Det er ikkje gjennomført møte i beredskapsråd i 2014.

4.1.12 Klima og energi

I 2011 vart det vedteke klima- og energiplan for Tysnes kommune. Under tiltak 6.1 i planen heiter det at tiltak som verkar til å redusera klimagassutslepp eller redusera energibruk skal takast opp i årsmeldinga.

I klima- og energiplanen er det retta fokus mot overgang til elektroniske løysingar, dette punktet har hatt god merksemd i organisasjonen. Det vart i 2014 arbeida vidare med elektroniske løysingar som elektronisk fakturering, mottak av elektronisk faktura, e-handel. Det vart også vurdert løysingar for elektronisk postutsending, dette må vurderast nærare i 2015.

I høve nye investeringsprosjekt skal det leggjast til rette for energiøkonomisering, dette er lagt til grunn både i forprosjekt for nytt omsorgssenter og Tysnes skule.

Det er ikkje gjennomført miljøsertifisering etter planen, men det er innleia drøftingar med kommunane i Bjørnefjorden om dette kan leggjast til det felles landbrukskontoret..

4.1.13 Økonomi og løn

I løpet av 2014 har me igjen sett ei vesentleg auke i inngåande EHF-faktura. Ved årsslutt kom 49 % av alle fakturaene på dette formatet. Dette betyr at målsetjinga frå førre årsmelding er nådd! Me vil i 2015 jobba vidare med få ei endå større del på EHF. EHF inneber at fakturaene kjem elektronisk, og me slepp ekstraarbeid med manuell scanning av papir.

På lønssida har me i haust jobba intenst med å få på plass A-meldinga. Dette er ei vesentleg omlegging av innrapportering av lønsdata til Altinn. Fom. 01.01.2015 skal løn rapportererast kvar månad, mot tidlegare ein gong for året gjennom løns- og trekkoppgåver. All rapportering til NAV, Skatteetaten og Statistisk sentralbyrå, blir no levert i ei felles melding – samstundes til alle tre etatar. Alt som vart utbetalt av løn og ytingar i ein kalendermånad, skal rapporterast i a-melding seinast den 5. i påfølgjande månad. Arbeidet har vore krevjande, men me håper no at innrapporteringa skal gå greitt framover. Løysinga med A-meldinga vil letta det framtidige arbeidet på løn i det tradisjonelle årsoppgjeret.

I 2013 tok me i bruk ny løysing for oppfylging av uteståande krav. Dette har me arbeidd vidare med i 2014, og me vurderer dette til å vere ei god løysing. Ved å handtere uteståande krav lokalt kan me lage gode avtalar både for kommunen og for skuldnar.

Det er arbeidd mykje med å betra den økonomiske styringsinformasjonen gjennom periodisering av budsjett, gjennom dette arbeidet skal den einskilde leiar få rett styringsinformasjon gjennom eit par tastetrykk.

4.1.14 Kultur

Sentrale oppgåver er m.a. tilskotsordningar, kulturformidling, generelt kulturarbeid, friluftsliv, reiseliv, koordinering og planarbeid.

4.1.15 Barne- og ungdomsarbeid

Tysnes ungdomsråd har delteke på Ungdommens fylkesting på Voss, på samling i Sunnhordland og i UKM-jury. Ungdomsrådet arrangerte LAN og filmmaraton for ungdom. Kommunen har sekretærfunksjon i ungdomsrådet.

Tysnes var representert med 7 deltakarar på Ungdommens Kulturmønstring (UKM) under fellesmønstringa på Stord mellom Bømlø, Fitjar, Stord og Tysnes. Alle «våre» deltakarar gjekk vidare til Fylkesmønstringa i Bergen.

4.1.16 Reiseliv

Tysnes sine sider i Sunnhordland Guide vart oppdatert.

Informasjon i Kystguiden. Turistinformasjonen i Våge fekk utbetalt driftstilskot i samsvar med avtale. Det var i sumar tilsett 5 turistvertar gjennom Våge hamn, inntrykket er at arbeidet med turistinformasjonen er godt – det vert arbeide med kontinuerlege forbetringar. I år har det mellom anna vore gjeve tilbod om fellestransport til ulike fjellturar for båtturistane. Det er nok framleis eit potensial for vidareutvikling av turistinformasjonen og tilbodet me gjev dei ferierande, men det kan neppe liggja til turistinformasjonen alleine..

4.1.17 Næring

Ordførar og næringskonsulent arbeider kontinuerleg med næringsutvikling. Ein har både oppsøkjande arbeid i høve til etablerte næringsverksemder i kommunen og møter med personer som har idear og ønskjer om å starta egne verksemder.

Tysnes kommune nyttar også Atheno som 2. linje tenesteleverandør både mot enkeltpersonar, etablerte verksemder og for å gjennomføra kurs. Atheno har hatt tilbod om personleg møte og rettleiing for nye grunderar/etablerte i kommunen den fyrste torsdagen i månaden. Samarbeidet med bl.a. Inovasjon Norge og Fylkesmannen fungerer godt og Tysnes er ein av kommunane som opplever størst trykk i arbeidet med gründere. I Tysnes kommune er det i dag 5 grunderar som har fått innvilga ein mentorordning med Inovasjon Norge. Det vil sei at dei har ei personleg oppfølging av si bedrift i opptil 12 mnd. Dette er eit særdeles høgt tal på mentororningar for ein so liten kommune som Tysnes.

Andre tilhøve slik som tilknytting til Bergensalliansen, ny næringskai på Heningen og plan for næringsområde på Dalland er positivt med omsyn til framtidig næringsutvikling!

4.1.18 Kulturvern

Venelaget for jåttmuseum og Årbakka handelsstad vart tildelt tilskot. Det vart gjennomført møte med Sunnhordland Museum og Uggdal bygdelag for å følgja opp Smio i Uggdal.

Arbeidet med kulturminneplan starta opp og framlegg til planprogram for kommunedelplan for kulturminne vart lagt fram og vedteken for høyring og offentleg ettersyn. Arbeidet held fram i 2015 og det skal søkast om tilskot til registreringsarbeid og sjølve planarbeidet.

4.1.19 Kulturformidling

Kommunen har leigeavtale med Årbakka Handelsstad om bruk av parkeringsareal, gangveg og kaiområde. Kommunen har høve til å disponera Sjøhuset i inntil 3 gonger pr. år. Avtalen kan reforhandlast kvart 3. år. Handelsstaden fekk i tillegg tilskot til drift for sommarsesongen.

Det årvisse tilskotet til drift av kino vart vidareført.

Kulturprisen vart tildelt Tysnes lydlag v/Eirik Dalland og Øystein Dalland.

4.1.20 Idrett

Det har vorte arbeidd med stønadsordningar, planarbeid, anleggsregistrering, kulturmidlar, spelemidlar, søknader og sekretærarbeid for Tysnes Idrettsråd.

Spelemidlar vart tildelt Onarheim IL til Ljosanlegg i Solheimsdalen og Uggdal bygdelag til turløype Myklestadskogen. Arbeidet med revidering av kommunedelplan for idrett og friluftsliv må prioriterast.

4.1.21 Friluftsliv

Kommunen er medlem av Bergen og Omland Friluftsråd og betaler ein fast sum per innbyggjar i kontingent. BOF held ved like 10 område.

I samarbeid med lokale lag, vart andre del av ”Vandring Tysnes” ferdigstilt. Totalt er no 33 stigar merka og gradert etter nasjonal standard. 156 km er merka, 184 skilt og 19 informasjonstavler/startpunktavlar er sett opp ved dei ulike utgangspunkta for turstigane. Prosjektet har bidrege til å gjera gode turområde meir tilgjengeleg både for fastbuande og vitjande, arbeidet held fram i 2015.

Me har også med oss arbeidet i samarbeid med Lunde bygdalag og BOF om tilrettelegging av ein ny badeplass i Apalvikja, me ser fram til opninga av denne i 2015! Turstigar, badeplasser og friluftsområde er svært viktige tilbod i folkehelsearbeidet.

Tysnes vart med i prosjektet kartlegging og verdsetjing av friluftsområder i Hordaland. Lokal arbeidsgruppe vart oppretta med Bergen og Omland Friluftsråd som prosjektleiar. Arbeidet starter opp i 2015.

4.1.22 Ålment kulturarbeid

Følgjande tilskotsordningar vart handsama og midlar fordelt: Kulturmidlar, underskotsgaranti, leiaropplæringsmidlar og midlar til ungdomslaga. Tysnesfest fekk direkte tilskot. I samarbeid med lokale lag deltok kommunen med 4 arrangement under Kystsogeveke/Kulturminnedagane m.a. matinè «Ivar Medaas-Dar kjem dampen».

Tysnes kommune har vore koordinator for Kystsogevekene, kulturarbeidsgruppa og Hegglandgruppa. Tysnes kommune vert vertskap for den Offisielle opninga av Kystsogevekene i 2015.

Det er viktig at ein sikrar eit godt samarbeid mellom kommunen og lag og organisasjonar, legg til rette for eit godt eksistensgrunnlag for laga og at ein stimulerer laga til å læra opp leiarar.

Det langsiktige arbeidet bør rettast mot kultur- og friluftaktivitet, kulturminne, planarbeid og kulturbasert næring.

4.1.23 Folkehelse

Partnerskapsavtalen mellom Hordaland fylkeskommune og Tysnes kommune for å fremja folkehelse, vart fornya. Stimuleringsmidlar til kommunane vart redusert til det halve, slik at Tysnes fekk tildelt 75 000. Prosjektet er forankra i Lov om folkehelsearbeid med formål å bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse og utjamnar sosiale helseforskjellar.

Det har vore lite aktivitet i Folkehelseforum Sunnhordland. Folkehelseplan vart ikkje utarbeidd og dette arbeidet må prioriterast.

4.1.24 Bibliotek

Tysnes folkebibliotek har i 2014 vore bemanna med 67% stilling. Biblioteket har basert seg på å halda ope på kveldstid, då det er mest aktivitet i Tysneshallen, men held dessutan ope på dagtid to dagar i veka då det også vert gjort kontorarbeid. I tillegg er det sett av fem timar i veka til indre arbeid.

Mediebudsjettet var i 2014 på kr. 100 000, i samsvar med den gjeldande bibliotekplanen for kommunen. I tillegg til dei obligatoriske innkjøpa via Biblioteksentralen vart det teke sikte på å imøtekoma publikum sine ønskje både når det gjeld litteratur, lydbøker og andre medium.

Tabell 4.1.2: Utlån Tysnes folkebibliotek

	2010	2011	2012	2013	2014
Bøker/andre media	7225	6592	6448	7172	7750

Utlånet auka samanlikna med 2013. Besøkstalet vart ikkje målt, men det kjem stadig nye lånarar til og i opningstida er det som regel "livleg". Det vart halde åtte arrangement ved biblioteket i 2014, som alle var godt besøkt.

Ei rekkje andre sider ved biblioteket si verksemd kjem ikkje så lett til syne i statistikken, som m.a. ymse refereransetenester, hjelp til skuleelevar, studentar osv. Biblioteket har vorte ein viktig "miljøfaktor" i Tysneshallen og er eit populært treffpunkt for mange, både vaksne og unge. Også om sommaren frå juni til august har biblioteket i mange år spelt ei viktig rolle som servicetilbod for feriegjestar og tilreisande som vitjar Tysnes.

Eit viktig mål for Tysnes folkebibliotek har vore å framstå som eit moderne bibliotek og ikkje sakka akterut samanlikna med dei større biblioteka i nabokommunane.

Verksemda vil i hovudtrekk halda fram som før. Tysnes folkebibliotek har dei siste åra hatt eit tett samarbeid med dei sju andre biblioteka i Sunnhordland, m.a. for å utnytta dei felles ressursane betre. Dette samarbeidet har heldt fram i 2014 med gode resultat, med fylkesbiblioteket som ein viktig samarbeidspartner.

Ut frå dei ressursane som har vore tilgjengelege for biblioteket, er det rimeleg grunn til å vera nøgd. I 2011 vart det vedteke ein ny bibliotekplan for kommunen, der det vert vist til nye satsingsområde og peika ut ein vidare kurs for drifta. Dette arbeidet heldt fram i 2014, med det siktemålet å gjera biblioteket endå meir attraktivt som eit kommunalt servicetilbod.

4.1.25 Tysneshallen

Tysneshallen feira 10 års jubileum i 2014 og hallen har utan tvil vore ein stor suksess. Mykje av årsaken til dette er det tette og gode samarbeidet som har vore med friviljuge lag og organisasjonar. Helge Hauge takka ved utgongen av året av som styreleiar og utfordringa frametter er å vidareføra drifta av hallen med dei suksesskriteria som har vore til stades desse 10 åra.

4.2 Oppvekst

4.2.1 Administrasjon

Administrasjonen i oppvekstetaten var i 2014 samansett av oppvekstsjef, barnehagerettleiar og konsulent. Barnehagerettleiar var samstundes delvis styrar i Stjernereiso barnehage (60 % stilling) fram til 01.08.14. Konsulent for oppvekstområdet gjekk av med pensjon 01.07.14 frå ein 80 % stilling, men jobbar framleis på timebasis, noko vi er godt nøgd med. Dette vil seia at i 2014 var adm.ressursen gått ned frå 280 % til 220/200 %.

4.2.2 Politisk aktivitet

Tabell 4.2.1: Saker til politisk handsaming

Utval	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Oppvekst/ omsorg	33	28	28	23	20	21	15 (+5)
Kommune- styret	8	0	8	3	6	8	

Oppvekst har hatt 15 saker til politisk handsaming i O&O og 5 drøftingssaker. Av saker det har vore arbeidd med har organisasjonsutvikling med skuleeigarrolla i fokus fått ein del merksemd. Vi har og sett på Arbeidstilsynet sine rapportar om skulane og Tilstandsrapporten i Tysnesskulane. Når det gjeld oppfølging og effektivering av politiske vedtak, meiner me at alle vedtak er følgde opp etter føresetnadene.

4.2.3 Visjonar og mål

Barnehagane har visjonen: «Glade vaksne, glade barn», medan skulane sin visjon er: «Ein skule der kvar einskild elev nyttar sitt faglege potensiale og blir eit trygt og sjølvstendig menneske». Både barnehagane og skulane jobbar etter «Strategi og utviklingsplan for skular og barnehagar i Tysnes kommune 2012-2015». Satsingsområde er lese- og skriveopplæring, rekning som grunnleggande dugleik i alle fag og tilpassa opplæring.

4.2.4 Tilsyn

Arbeidstilsynet har hatt tilsyn med Uggdal skule og Tysnes skule. Uggdal skule fekk ingen pålegg, mens der er ein del som må gjerast med Tysnes skule for å få den godkjent. Vi har jobba i lag med HMS Haugaland for å få lukka ein del av pålegga. Større rehabiliteringar som t.d. formingsavdelinga og naturfagrommet er sett opp i budsjettet for 2015.

4.2.5 IKT

I løpet av 2014 har maskinparken til lærarane og ein del av pedagogane i barnehagane blitt skifta ut. Lærarservaren var det ikkje mogleg å få delar til, så denne er utfasa. Seinare skal og elevservaren inn på denne som virtuell server. E-post systemet er endra frå ei enkel pop3-løysing til Office 365. Det har vore litt opplæring i samband med dette. Smartboardtavlene er begynt å «ta kvelden», nye vert i stor grad leasa. Det trådlause nettverket vårt var det heller ikkje mogleg å få nye delar til, noko som gjorde at me måtte oppgradera både kontroller og

antenner. Me har no nettverk/trådlaust nettverk på 5 lokasjonar i kommunen. Me har og hatt opplæring i GeoGebra for lærarar.

4.2.6 Skulane

Me har no 3 svært ulike skular, Uggdal som 1.-4. skule, Tysnes som 5.-10. skule og Onarheim som fådelt 1.-6. skule. Det er litt nedgang på samla elevtal, 11 elevar. Samstundes held nedgangen i pedagogisk personale fram, og me er no på eit rett nivå i forhold til klassar og elevtal. Det er då teke omsyn til at me har eit særleg blick for «Tidleg innsats», med god vaksenttleik på dei yngste årskulla.

Tabell 4.2.2: Elevtal og tal på lærarårsverk^{vi}

	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15
Elevtal	337	320	308	311	299
Årsverk	47,9	43,2	38,3	34,2	30

Tabell 4.2.3: Utvikling i elevtal på dei ulike skulane

	Tysnes	Uggdal	Onarheim	Lunde	Rekst-eren	Ungd. skulen	Totalt
2010/-11	91	79	22	21	9	115	337
2011/-12	88	87	22	17	x	116	320
2012/-13	68	85	18	17	x	120	308
2013/14	81	88	22	x	x	120	311
2014/15	82	86	27	x	x	104	299

4.2.7 Spesialundervisning

Tal på elevar som har krav på spesialundervisning har vore svært høgt. Me har no fått ein reduksjon i tal på enkeltvedtak, og ventar at denne utviklinga vil halda fram. Det vert gjort eit nitid arbeid opp mot PPT, med klare forventningar opp mot meir tilpassa undervisning i klasserommet og færre einskildvedtak. Me ventar og ein reduksjon i storleiken på einskildvedtaka.

Tabell 4.2.4: Elevar med einskildvedtak

2010/-11	2011/-12	2012/-13	2013/-14	2014/-15
38	36	35	39	31

^{vi} Tysnes kommune skoleeier, Grunnskole, Antall elevar og lærerårsverk, 2010–2015 Frå: Udir. Skoleporten.

I 2014 fekk me ferdig «Plan for tilpassa opplæring, spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp i skular og barnehagar i Tysnes kommune. Her er det lagt ned eit stort arbeid for å få sams retningslinjer i skular og barnehagar på eit særst viktige område.

4.2.8 PPT

Tysnes kommune kjøper i dag tenester frå Os PPT. Dette svarar til om lag ei stilling hos PPT. Til forskjell frå Os, har vi i dag lita eller ingen ventetid på tenestene deira. Alle elevar som har spesialundervisning får utarbeida IOP, Individuelle opplæringsplanar.

4.2.9 Blå skule

«Blå skule» er eit alternativt skuleopplegg for dei som i større eller mindre grad treng eit særskilt tilrettelagt undervisningstilbod. Dette året har me hatt med 5 faste elevar og 24 elevar som er med ein dag i veka for ein kortare periode. Barnehagane har fått tilbod om å vera med ein dag i veka. «Blå skule» er ein flott arena for elevane å opparbeida seg sosial kompetanse, ein kjem tettare på einannan på tvers av fag, klasser og sosiale rangstiger. Her vert det jobba meir praktisk med fag som matematikk, naturfag, mat/helse, samfunnsfag/historie og norsk.

4.2.10 SFO

Me har i dag tilbod om SFO ved Onarheim og Uggdal skule. Det er lagt mykje energi i å få eit godt og tenleg SFO tilbod. Uggdal skule har gjeve SFO-tilbod òg i haust- og vinterferie, men dette har vore lite nytta. SFO jobbar etter Fritidspedagogisk plan, med eigne periodeplanar relatert til dei ulike årstidene. Talet på elevar som nyttar seg av SFO er ganske stabilt:

Tabell 4.2.5: SFO brukarar, per 1.oktober

	Uggdal skule	Onarheim skule	Lunde	Totalt
2010				40
2011	27	10	9	46
2012	26	12	-	38
2013	25	11	-	36
2014	29	7	-	36

4.2.11 Kvalitetsindikatorar

I skulen har utdanningsdirektoratet lagt opp til ei rekkje ulike indikatorar for skuledrift. Tysnes kommune nyttar indikatorane aktivt mellom anna i samband med den årlege statusrapporterten for skulen.

4.2.11.1 Nasjonale prøver, resultatvurdering og oppfølging

Tysnes skule har dei fleste åra ovanfor nemnde prøver har blitt gjennomførte, synt fin framgang med omsyn til resultat. Dette gjeld både for barne- og ungdomssteget. Særleg positiv er den generelle nedgangen av elevar som presterer svakt. Ved å samanlikna resultat frå fleire år ser ein og tydeleg betring av gjennomsnittsprestasjonane i elevgruppene.

Årets 5. steg presterte noko svakare enn tidlegare på nasjonale prøver. Dette gjeld både i lesing, engelsk og rekning. Noko av årsaken til dette kan vera utfordringar knytt til overgang mellom fleire skular, det er fullt fokus på dette i oppvekstetaten og me er optimistiske med omsyn til å finna tiltak som betrar situasjonen.

Tabell 4.2.6: Læringsresultat 5. steg engelsk 2014

Indikator og nøkkel-tall	Tysnes kommune	Hordaland fylke	Nasjonalt
Mestringsnivå 1	40,9	26,9	24,7
Mestringsnivå 2	54,5	50,0	50,4
Mestringsnivå 3	4,5	23,1	24,9

Tabell 4.2.7.Læringsresultat 5. steg lesing 2014

Indikator og nøkkel-tall	Tysnes kommune	Hordaland fylke	Nasjonalt
Mestringsnivå 1	39,1	23,7	23,2
Mestringsnivå 2	60,9	51,4	50,6
Mestringsnivå 3	0,0	24,9	26,2

Tabell 4.2.8 Læringsresultat 5. steg rekning 2014

Indikator og nøkkel-tall	Tysnes kommune	Hordaland fylke	Nasjonalt
Mestringsnivå 1	45,5	25,2	24,5
Mestringsnivå 2	40,9	50,2	49,5
Mestringsnivå 3	13,6	24,6	26,0

Hausten 2014 presterte elevane på ungdomssteget ved Tysnes skule også særskilt bra. Ungdomssteget låg og godt over fylkes- og landsgjennomsnittet i lesing og engelsk. I rekning presterer elevane i 8. og 9. klassane likt med fylkes- og landsgjennomsnittet. Det er liten spreiding i resultatene og få elevar som presterer særskilt svakt.

Tabell 4.2.9 Læringsresultat 8. steg engelsk 2014

Indikator og nøkkel-tall	Tysnes kommune	Hordaland fylke	Nasjonalt
Mestringsnivå 1	8,3	10,3	9,3
Mestringsnivå 2	8,3	20,7	19,3
Mestringsnivå 3	37,5	40,1	40,3
Mestringsnivå 4	25,0	18,6	19,9
Mestringsnivå 5	20,8	10,4	11,2

Tabell 4.2.10 Læringsresultat 8. steg lesing 2014

Indikator og nøkkel-tall	Tysnes kommune	Hordaland fylke	Nasjonalt
Mestringsnivå 1	4,5	10,2	8,8
Mestringsnivå 2	9,1	18,7	17,8
Mestringsnivå 3	50,0	41,7	40,7
Mestringsnivå 4	31,8	19,7	21,6
Mestringsnivå 5	4,5	9,6	11,0

Tabell 4.2.11 Læringsresultat 8. steg rekning 2014

Indikator og nøkkel-tall	Tysnes kommune	Hordaland fylke	Nasjonalt
Mestringsnivå 1	12,5	11,3	10,3
Mestringsnivå 2	29,2	24,0	21,9
Mestringsnivå 3	37,5	37,5	36,9
Mestringsnivå 4	16,7	18,9	20,9
Mestringsnivå 5	4,2	8,3	10,1

Tabell 4.2.12: Læringsresultat 9. steg lesing 2014

Indikator og nøkkel-tall	Tysnes kommune	Hordaland fylke	Nasjonalt
Mestringsnivå 1	0,0	6,1	5,2
Mestringsnivå 2	3,1	12,4	11,8
Mestringsnivå 3	31,3	34,8	35,2
Mestringsnivå 4	40,6	27,6	27,0
Mestringsnivå 5	25,0	19,1	20,8

Indikator og nøkkeltall	Tysnes kommune	Hordaland fylke	Nasjonalt
Mestringsnivå 1	3,1	5,6	5,3
Mestringsnivå 2	6,3	15,2	15,2
Mestringsnivå 3	50,0	33,6	33,2
Mestringsnivå 4	21,9	21,7	26,4
Mestringsnivå 5	18,8	18,5	20,0

4.2.11.2 Elevundersøkinga

Elevundersøkinga er ei nettbasert undersøking der elevane seier si meining om tilhøve som er viktige for læring og trivsel i skulen. Den er obligatorisk for 7. og 10. steg, men Tysnes skule nyttar den på alle steg. Undersøkinga viser at elevgruppa har generelt god trivnad. Det er ingen elevar som fortel at dei ikkje trivst. Det sosiale læringsmiljøet er særst godt, og det vart ikkje registrert alvorlege mobbesaker i 2014. Desse resultatane gjeld alle årsstega og er i samsvar med nasjonale og regionale resultat som syner markant nedgang i uro og mobbing dei to siste åra. Det er også svært positivt at elevane i ungdomsskulen melder at læringsmiljøet og oppfølginga frå personalet er særst bra og signifikant betre på Tysnes skule enn i Hordaland og resten av landet. Når det gjeld indikatoren elevmedverking syner undersøkinga at elevane i ein del saker blir for lite høyrd. Dette gjeld særleg val av ulike arbeidsformer i fagleg arbeid. Resultatane for fysisk læringsmiljø syner elevane og er lite nøgd med arbeidstilhøva sine. Dette gjeld både bygningsmassen generelt, inneklima og uteareal

4.2.11.3 Grunnskulepoeng

Grunnskulepoeng er eit uttrykk for snitt karakter på endeleg vitnemål, det inkluderer både standpunkt og eksamenskarakterar. Snittet vert deretter multiplisert med 10

Tabell 4.2.13: Grunnskulepoeng utvikling

Indikator og nøkkeltall	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14
Grunnskulepoeng, gjennomsnitt	38,3	41	38,3	39,4

Tabell 4.2.14: Grunnskulepoeng samanlikna med

Indikator og nøkkeltall 2013-2014	Tysnes kommune	Kommune gruppa	Nasjonalt
Grunnskulepoeng, gjennomsnitt	39,4	39,5	40,3

Av ovannemnde tabellar ser me at gjennomsnittleg grunnskulepoeng er relativt stabilt og at det ligg litt under gjennomsnittet for landet og kommunegruppa. Me har også med oss at utviklinga er positiv samanlikna med 2013.

4.2.11.4 Overgangen fra grunnskole til vidaregåande opplæring

Prosentdelen av elevkullet som er registrert i vidaregåande opplæring høsten etter uteksaminering fra grunnskolen. Tysnes kommune skoleeier. Sammenlignet geografisk:

Tabell 4.2.15: Overgang til VGO

Indikator og nøkkeltall	Tysnes kommune	Kommunegruppe 02	Hordaland fylke	Nasjonalt
Elever (16 år) som er registrert i vidaregåande opplæring samme år som avsluttet grunnskole	100,0	98,5	XX	97,9

Me er svært nøgde med at alle elevar som går ut frå grunnskulen i Tysnes, held fram på vidaregåande skule.

4.2.12 Kulturskulen

Tabell 4.2.12: Elevar i kulturskulen

Per 1. oktober	2010	2011	2012	2013	2014
	71	83	52	49	45

Tysnes kommunale kulturskule underviser elevar først og fremst i piano og gitar. Me har og nokre få elevar som får undervisning i song- og slagverk. I tillegg har vi ei gruppe med aspirantar. Kulturskulen sel instruktør/dirigenttimar til kor og korps, til saman 24/t i veka. Hausten 2014 flytta Kulturskulen til Tysnes skule, der kommunen hadde fått rehabilitert kontor/arbeidsrom til bruk for Kulturskulen.

4.2.13 Vaksenopplæringa

Tysnes kommunale kulturskule underviser elevar først og fremst i piano og gitar. Me har og nokre få elevar som får undervisning i song- og slagverk. I tillegg har vi ei gruppe med aspirantar. Kulturskulen sel instruktør/dirigenttimar til kor og korps, til saman 24/t i veka. Hausten 2014 flytta Kulturskulen til Tysnes skule, der kommunen hadde fått rehabilitert kontor/arbeidsrom til bruk for Kulturskulen.

4.2.14 Barnehagar

Tabell 4.2.13: Antal born i dei ulike barnehagane.

	Vågsmarka	Stjernereiso	Lunde	Onarheim	Totalt
15.12.2010	24	53	15	17	109
15.12.2011	28	61	16	12	115
15.12.2012	25	58	22	13	118
15.12.2013	30	60	25	20	135
15.12.2014	34	59	21	22	136

Me hadde 136 barn i frå fødselsåra, 2009, 2010, 2011, 2012 og 2013. Det er 13 nye barn som har fått i barnehageplass etter nyttår.

Det er stor søknad på barnehageplassar heile året og alle som har søkt barnehageplass i Tynes har fått plass. Ikkje alle har fått fyrstevalet m.o.t. kva barnehage dei ynskjer. Sysken vert prioritert til å gå i same barnehage. Dei fleste nye barn får plass i Lunde barnehage. Det er der me har ledig kapasitet. Mange flyttar over til andre barnehagar når det vert ledig i dei andre barnehagane. Dette kan vere ein tøff kvardag for personalet i Lunde. Det vert mykje innkjøringar og utskiftingar, som gjer stadig endring i barnegruppa.

Me har utvida Onarheim barnehage i løpet av dette året til, 30 plassar.

Barnehagane jobbar utifrå eigne årsplanar og utifrå strategi- og utviklingsplanen for skule og barnehagar. Språkleiken Bravo er i alle barnehagar. Språk har over lang tid vore jobba mykje med i barnehagane og er eit av satsingsområda heile tida. Matematikk er også noko me har stort fokus på. Ein jobbar også ein del med relasjonskompetanse i barnehagen. Det er relasjonane mellom barn-barn, barn-vaksen og vaksen-vaksen.

Styrarane har vore med organisasjonsutviklingsprorammet til Midthordaland kompetanseregion. Dei har arbeida med å vidareføra dette ut i einingane. Alle einingane jobbar med å bli lærande organisasjonar.

Spesialpedagogisk arbeid i barnehagane. Ein ynskjer tidlig innsats, i tilfelle der barn har ulike utfordringar. Barnehagane er veldig flinke til å ta tak i dette og arbeide systematisk med ein-skildbarn. Me er også heldig som får god hjelp og rettleiing av logoped. Me har ein del nye barn som er minoritetsspråklege. Her har barnehagane laga ei handbok for korleis me skal fylgje opp desse barna. Det er ein del nye utfordringar med familiar som ikkje snakkar språket vårt og som heller ikkje kjenner kulturen vår.

4.3 Helse og sosial

4.3.1 Administrasjon

Helse- og sosialetaten har ca 110 årsverk fast tilsett, fordelt ca 190 tilsette. I tillegg kjem timeløna og personell på oppdragsavtale.

Etaten er inndelt i 4 avdelingar: helse, pleie- og omsorg, barnevern og NAV/sosial. Psykisk helse ligg i stab. I tillegg er det eit sekretariat med ein sekretær i 50 % stilling (midlertidig auka opp til 75 %), og ein konsulent delt med NAV (60 % / 40 % stilling).

Etaten er leia at kst. helse- og sosialsjef. Etaten opplever heile tida å skulle løysa mange og store oppgåver og utfordringar innafør knappe ressursar. Det har vore utført eit samvitsfullt arbeid innafør dei ulike tenestoområder, der målet er å gje eit best mogleg tenestetilbod til innbyggjarane i kommunen, noko ein i stor grad opplever å oppnå!

Administrasjonen har flytta kontor til 2. etg. i rådhuset hausten 2014

Det er på trappene ein ny styringsstruktur i kommunen, som vil gjere endringar for enkelte tenestoområde innafør eksisterande etatsgrense.

4.3.2 Politisk aktivitet

Tabell 4.3.1: Saker til politisk handsaming

Utval	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Oppvekst /omsorg	20	19	37	36	24	19	

Etaten deler sekretariat for oppvekst/omsorg med oppvekstetaten, helse- og sosial har hatt 7 saker til handsaming i utvalet.

Forutan oppvekst/omsorg er etaten også sekretariat for Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Husbankutvalet.

4.3.3 Utviklingstrekk i etaten

Prosjekt nytt omsorgssenter har vore eit viktig og prioritert arbeid, som leiarar og tillitsvalde har teke del i saman med prosjektsjef. Fagetaten har vore involvert i alle fasar av prosjektet.

Oppfølging av samhandlingsreforma er gjort, og kommunen har greidd å løyse utfordringa med å ta imot pasientar ved utskriving frå sjukehus gjennom året.

E-meldingsprosjektet, «Vestlandsløftet er blitt fulgt opp, og den elektroniske flyten fungerer mellom sjukehus i helseforetaket Helse Fonna og kommune ved inn- og utskriving sjukehus.

Kompetanseløftet 2015: etaten har mottoke kr 250` i tilskot til opplæring av personell i helse- og sosialetaten, med formål innafor opplæring helsefagarbeid, vidareutdanning av høgskuleutdanna og opplæring personell som arbeider med psykisk utviklingshemma.

Utfordringar i 2015:

Rekruttering faglært arbeidskraft: helsefagarbeidar, sjukepleiar, vernepleiar, anna høgskuleutdanna.

Kompetanseoppbygging.

Økonomi-/ budsjettstyring.

Kvalitetsarbeid.

4.3.4 Psykisk helseteneste

Psykisk helseteneste har hatt oppfølging av til saman 67 brukarar, av desse er ca. 36 born og unge under 18 år.

Tysnes kommune har delteke i prosjekt Ytre Sunnhordland Samhandlingsteam (YSS), eit felles prosjekt for kommunane i Sunnhordland og Helse Fonna. Kommunen har stilt 0,2 årsverk til rådvelde i prosjektet, med tenesteyting av leiar psykisk helseteneste.

YSS har i 2014 hatt direkte oppfølging av 6 pasientar, i tillegg til ein god del indirekte oppfølging av brukarar i form av råd/konsultasjon i Tysnes kommune.

YSS^{vii} har vore eit samarbeid mellom Tysnes, Bømlo, Fitjar, Stord og Helse Fonna. I samband med at YSS skulle gå over frå prosjekt til vanleg drift i 2015, fann ikkje alle kommunane rom for vidare finansiering. YSS prosjektet vart såleis avvikla 31.12.14.

Psykisk helsearbeidar for barn og unge har i løpet av 2014 hatt individuell oppfølging av 36 born og unge under 18 år. Nokre av brukarane har hatt støttesamtalar for ein avgrensa periode, nokre jevnlege støttesamtalar gjennom heile året. I tillegg er psykisk helsearbeidar og koordinator for individuell planar kor ein ikkje har direkte kontakt med barnet/ungdommen sjølv.

Psykisk helsearbeidar har delteke i samband med klasseromsundervisning og har også gjennomført fagmøter for tilsette i skule og barnehage.

Psykisk helsearbeidar har også hatt ansvar for å gjennomføre møter i TEBU gruppa, dette er ei tverr etatleg gruppe for barn og unge. Gruppa har tre møter i året. I 2014 er desse gjennomført som fagutviklingsmøter, både med internt undervisningsopplegg, og besøk frå ulike eksterne fag/etatar.

^{vii} Ytre Sunnhordland Samhandlingsteam

Psykisk helsearbeidar er ansvarleg for «Treffstad i Våge», eit låg terskel tilbod for elevar ved ungdomsskulen. Tilbodet er ope ein ettermiddag i veka og nyttar lokala til psykisk helsete-neste sentralt i Våge. Besøk varierer frå 1-10 ungdommar.

4.3.5 Helseavdelinga

Til helseavdelinga ligg legekontor, legevakt, helsestasjon, jordmor, fysioterapi og ergoterapi.

4.3.5.1 Legekontor

Allmennlegetenesta i Tysnes kommune er kommunalt driven fastlønspøssis, kommunen har ingen legar på driftsavtale. Legetenesta i Tysnes er samla i eit kontor, dette vil vera ønskjeleg også i fortsetjinga.

Det er pr. nyttår 2366 personar på listene fordelt på tre fastlegar. Det er ein netto auke på 40 personar sidan førre årsskiftet. Dette gjenspeglar i hovudsak folkeauke; me har i lita grad «henta heim» personar som har fastlege i andre kommunar.

Me har ein del på listene frå andre kommunar, men samla er det ein netto "lekkasje" på i overkant av 400 pasientar, dei fleste til Os. Tysnes kommune betalte i 2014 eit nettooppgjerd på kr. 169.276,- til andre kommunar for gjestepasientar i fastlegeordninga (i fjor 168.293), vurdert i forhold til auka tilskot pr. pasient siste året er det vel ein ørliten betring av utgiftsposten. Det er truleg vanskeleg å tenkja seg at alle tysnesingar skal ha lege på Tysnes, for eksempel er det for mange praktisk å ha lege i kommunen der dei arbeider eller går på skule. Mange vil behalda ein fastlege utanfor kommunen som ein har hatt i mange år, men det er eit naturleg mål å redusera denne lekkasjen til eit minimum.

Tysnes sjukeheim kjøper om lag 0,2 årsverk frå legekantoret, 8 timar pr. veke. Ved veker der tilsynslegen ikkje er tilgjengeleg, vil dei andre legane hjelpe sjukeheimen i naudsynt grad. Turnuslege skal ha noko erfaring med tilsynslegearbeid, og supplerer den faste tilsynslegen. I legekantoret si kontortid utfører legekantoret ein del laboratorietenester og tilsynstenester for sjukeheimen, utan at dette blir internfakturert i kommunalt rekneskap.

I 2013 vart det innført betaling via terminal på venterom i staden for etterskotsvis fakturering. For dei kundane som framleis ønskjer faktura er det innført eit fakturagebyr på kr. 49,- til betalingsfirmaet. Det har vore stilt spørsmål om slikt gebyr er lovleg. Det er no melding frå Lovavdelinga at dei har overprøvt Helsedirektoratet si negative innstilling. Men føresetnad er at det er mogeleg med gebyrfri kontantbetaling i ekspedisjonen.

Me har eit EDB-system for meldingsflyt mellom lege og heimesjukepleie. Dette er eit viktig kvalitetssikringstiltak, og inneber mellom anna større tryggleik for rett medisinerig. Fokus på fagleg oppdatering/prosedyreutvikling/internkontroll vil vera eit viktig emne i 2014. Ein deltar i opplegg «Vestlandsløftet» vedkomande elektronisk samhandling, Siktemålet er å sikra nødvendig informasjonsflyt mellom lege, kommunal pleie- og omsorg og andrelineteneste (sjukehus og spesialistar).

Bemanning har vore stabil gjennom året. Ved årsskiftet 2014/2015 slutta Magne Hauge Skartveit som kommuneoverlege og Anita Midtun overtar stillinga. Skartveit vil stå vidare ein periode i korttidsengasjement. Ledig kommunelegestilling II er lyst ut.

4.3.5.2 Legevakt

Tysnes har vald å halda på lokal legevakt. Ved sentralisert legevakt vil det vera Helse Fonna som blir pålagt ekstra transportkostnader for å koma til legevakt, så sentralisering kan bety ei innsparing for kommunen. Men legeberedskap lokalt vil bli svekka, og det vil kunna medføre problem i forhold til behov for akutt legehjelp også ved sjukeheimen

Dei tre faste legane pluss turnuskandidat, deltar i legevakt, altså 4-delt vakt når alle er i funksjon, 3-delt ved feriar og kursfråvær. To av tre legar ved legekantoret kan krevja fritak frå vakt, men pr. i dag er det ikkje søkt om slikt fritak. Det er turvande å supplera med inntak av vikarar for å ivareta ei forsvarleg vaktordning, særskilt om sommaren er det viktig. Dette har dels grunnlag i at folketalet aukar sterkt om sommaren og dels som følgje av at faste legar må avvikla ferie. Legekantoret har legevaktansvar for alle bebuarar og gjester i kommunen døgnet rundt, uavhengig av listetilknyting.

Tysnes sel legevakttenester til Kvinnherad (Ølve-Hatlestrand.), og denne avtalen skulle reforhandlast pr. september. 2014; førebels er det utsett til februar 2015. Me kjøper legevaktsentraltenester frå Helse Fonna, lokalisert til akuttmottak ved Stord sjukehus.

Me har prøvd å ha fagleg samarbeid/kurs i lag med ambulansen, og dette er nødvendig og nyttig. Bortsett frå planlegging/beredskap/akutfunksjon ved Tysnesfest har det vore lite samtrening.

Nytt riksdekkande nødnett er under planlegging/etablering, og det skal innførast i løpet av 2015/2016.

Hausten 2014 kom det høyringsutkast til ny aktuttmedisinforskrift, trass i at Tysnes kommune var klart negativ til framlegget synes forskrifta å gå gjennom. For Tysnes sitt vedkomande kan det bety slutten på eiga legevakt om det ikkje lukkast å finna løysingar for å omgå forskriftskrava.

4.3.5.3 Helsestasjon

Helsestasjonen fekk ny jordmor haust -14, av di tidlegare jordmor gjekk av med pensjon. Totalt er det 1,5 årsverk helsesøster og 0,5 årsverk jordmor, lege og seketærhjelp.

Også i 2014 vart det oppdaga tre nye tilfelle av tuberkulose. Dette førde med seg mykje ekstra arbeid i form av pålagde sporingar av smitte.

Me har kvalitetssikra og starta eit lovpålagd arbeid i høve til førebyggjande arbeid mot overvekt og fedme hjå skuleborn.

Det har kome ei ny vaksine i vaksinasjonsprogrammet, september -14, denne skal administrerast to gonger pr. barn før 4 månads alder. Helsestasjonen har og overteke ansvar for BCG-vaksinasjon til nyfødde med foreldre frå høgendemisk område. Dette ansvaret har 2. linjete nesta hatt fram til haust -14, men no er dette ansvaret lagt over på kommunane. I vår kommune vil nok ikkje BCG- vaksinasjonen krevja dei heilt store ressursane, sidan det berre gjeld nokre få born.

Helsestasjonar i Sunnhordlandskommunane vart utfordra av spesialisthelsetenesta til å kursa seg i foreldreveiledningsprogrammet «PEASE» våren -14. Det er eit veiledningsprogram som skal gjera foreldre betre i stand til å rettleia barnet sitt når det viser angstsymptom. BUP Hauge sund driv slike kurs, men dei ynskjer at kommunane også skal gjera det. Dei grunnjev det med at mange born som står i BUP-køen er tilvist akkurat pga angstsymptom, og at dei kan

hjelpast raskare dersom kommunen tilbyr denne veiledninga/kurset. Kurset er evidensbasert og lett å administrere. Kurset går over to kveldar på ca. to timar kvar gong. Helsestasjonen har, i samarbeid med psykisk helsearbeidar for barn og unge, kursa seg i dette veiledningsprogram, og me har hatt eit kurs for ei foreldregruppe til born med angstsymptom. BUP Haugesund stod for opplæringa.

Helsestasjonen fekk nye lokaler haust -14. Det er særst positivt at det no ikkje er noko «gjennomgangstrafikk», men ei avgrensa avdeling.

Helsestasjonen vart involvert i arbeid for flyktningane som kom til Tysnes vinter -14. Personalressursen er ikkje auka opp.

4.3.5.4 Fysioterapi

Dei siste ti åra har det vore lite kontinuitet i fysioterapitenesta i kommunen. Årsaka til dette er truleg at tenesta berre har 1,5 årsverk, og at det difor har vore vanskeleg å rekruttera og behalda fysioterapeutar.

Rehabilitering handler om gjenvinna fysisk og mental helse etter ein skade, sjukdom eller lidning. Habilitering nyttast mest om barn og unge og handler om å dyktiggjera ein person trass i ein form for funksjonshemming, lyte eller sjukdom.

I høve rehabilitering er det mest knytta til ulike muskel/skjelettskadar (lårhalsbrot), og nevrologiske lidningar.

- Det vert gjeve tilbod om omlag 9 timar fysioterapi ved sjukeheimen kvar veke, elles etter behov.
- Det vert også gjennomført behandling/trening på sjukeheimen av heimebuande kronikarar som ikkje kan ta timar ved fysikalsk institutt.
- Søknadar/vurderingar og utdeling av hjelpemiddel (rullestolar, puter m.m)
- Heimebehandlingar, omlag 10 timar kvar veke av pasientar med kroniske sjukdomar, som ikkje kan gå på fysikalsk institutt, og oppfølging av pasientar etter sjukehusopphald.

Det vert gjennomført jamnleg samarbeidsmøte med ergoterapeut, og elles tverrfagleg ved behov.

Habilitering:

Fysioterapeut har godt tverrfagleg samarbeid og deltek mellom anna i TEBU møter, har eigne samarbeidsmøter med helsestasjon. I barselgrupper vert det gjeve informasjon om borna sin motorikk og trening før mødre i barselstida. Fysioterapeut har også individuell oppfølging av speborn på helsestasjonen og av born i barnehage og skule. Det vert samarbeida om treningsopplegg på skule og i heimen.

Det vert elles gjennomført slike gruppetreningar:

Hjartetrim (60 min): Kvar måndag, gjennomsnittleg 12 deltakarar i aldersgruppe 55-80 år.

Trim i Peralio (30min.): Kvar fredag, gjennomsnittleg gjennomsnittleg 8 deltakarar i aldersgruppe 85-95 år.

Fellestrim på sjukeheimen (30 min.): Kvar måndag, gjennomsnittleg 10 bebuarar i aldersgruppe 85-95 år.

Måloppnåing

Fysioterapitenesta har i meldingsåret lagt vekt på rehabiliterin, men har i tillegg hatt oppfølging av born ved helsestasjon og på skulen. I samband med oppfølging av born er det gjennomført ei rekkje møte med spesialisthelsetenesta. Kommunefysioterapeut har også delteke på tverrfaglege samarbeidarbeidsmøte, og arbeid med individuellplan (IP) i forhold til einskilde born.

Kommunefysioterapeuten er medlem i eit nettverk som blei oppretta i meldingsåret for fysioterapeutar som jobbar med born og unge i kommunehelsetenesta i Hordaland. Me har også fått eit betre samarbeid mellom private- og kommunale fysioterapitenester gjennom oppretting av Samarbeidsutvalet.

Samhandlingsreforma inneber at folk skal få bu heime så lenge som råd er. Me opplever at pasientar får kortare liggetid på sjukehus. Kommunen pliktar å syta for eit forsvarleg rehabiliteringstilbod til desse pasientane, anten på sjukeheimen eller i heimen. Me ser i meldingsåret at det har vore ei auke i antall heimebehandling då fleire og fleire treng rehabilitering i heimen. Dette er svært tidkrevjande grunna behov for tett fysioterapioppfølging og ofte store avstandar mellom pasientane. I tillegg legg reforma vekt på at kommunen skal prioritera forebyggjande tiltak for born, unge og eldre. Dersom intensjonane i samhandlingsreforma skal følgjast opp fullt ut, vil dette medføra behov for større kommunale fysioterapiressursar enn i dag.

4.3.5.5 Ergoterapi

Ergoterapeut arbeider med kartlegging av funksjon, ADL/funksjonstrening, stimulering til eigenaktivitet, tilrettelegging, tilpassing og kompensasjon for tapt funksjon; rettleiing ved bustadendring, vurdering av hjelpemiddel, ergonomiske tiltak m.m. Ergoterapeut er med i tverrfagleg Inntaks- og rehabiliteringsteam, Demensteam, Koordinerande eining m.m.. Kontaktperson til Hjelpemiddelsentralen (HMS). Samarbeider med HMS m.fl. i kompliserte brukarsaker.

I meldingsåret har ergoterapeut delteke på dagsseminar for ergoterapeutar på Haukeland sjukehus (synsforstyringar).

Effektiv service og tenester frå Tysnes Industri gjev betre flyt i ergoterapitenesta, dette er heilt naudsynt for å kunna handsama inn og utgåande hjelpemidlar på ei forsvarleg måte.

Tilrettelegging, trening og tilpassing av hjelpemiddel i brukar sin heim og nærmiljø, er økonomisk gunstege tiltak som kan bidra effektivt til betre funksjon og livskvalitet, og at brukaren kan klara seg lengst mogleg i eigen heim, på ein verdig måte.

Tabellen under viser noko av aktiviteten i ergoterapitenesta førre år.

Tabell 4.3.2: Ergoterapi

	2010	2011	2012	2013	2014
Tilvisingar	57	86	92	65	86
Heimebesøk	123	105	98	109	131
Utleverte hjelpemidlar	667	514	612	572	667

4.3.6 Pleie- og omsorg

I pleie- og omsorgsavdelinga ligg: Tysnes sjukeheim, open omsorg og tenester for utviklingshemma.

4.3.6.1 Tysnes sjukeheim

Tilbakemeldingar frå brukarane er gode.

Me ser ei vidare utvikling i krav til rask omstilling i høve til utskrivingsklare pasientar frå sjukehus. Samhandlingsreforma utfordrar oss på å kunne tilby adekvate tenester på kort varsel. Dette har vi greidd gjennom m.a. å sørgje for at me har ledige plassar å tilby før utskrivning til heimen.

Elektronisk meldingsutveksling mellom pleie og omsorgstenesta og helseforetaka har betra kvaliteten på informasjonen, og dermed også auka tryggleiken for brukarane. Tilbakemeldingar frå brukarane er gode.

Pleie- og omsorgstenesta arbeider målretta for å gje tenester på rett omsorgsnivå. Me har aktiv bruk av rehabilitering og nyttar korttidsplassane til å trenar opp brukarane til å klara seg heime lengst mogleg. Vi har hatt nesten fullt belegg gjennom heile året, men likevel ikkje ventelister for dei som har behov for det.

Drifta ved institusjonen har til tider vore prega av større og mindre «katastrofar»: Brann, straumbrot, brot i telefonsamband, stenging av vassforsyning, og vegsperringar. Det har gått etter måten bra, men syner oss at me er sårbare med omsyn til å ivareta pasienttryggleik, og at personalet til tider vert utsett for uvanleg krevjande utfordringar.

Bygget er som før påpeikt i dårleg stand, og prega av slitasje. Dette verkar inn på både arbeidsmiljø, tenestekvalitet og trivsel for alle partar. Vi ser difor fram til at byggeprosjektet startar opp snarast, i samsvar med vedtak og planar.

Me ser at krava frå styresmaktene og forventningar frå brukarane set stadig høgare krav til oss som tilbydarar av helse- og omsorgstenester. Stikkord kan vera: fagleg forsvarleg, kunnskap og kompetanse, god kommunikasjon, dokumentasjon og prosedyrar. Sjukeheimen skal vera oppegåande på dette 24 timar i døgeret året rundt. Me har ein arbeidsstokk som strekkjer seg langt for å klare dette, men ofte kan det ”halda hardt” innafor dei ressursane me har til rådvelde.

4.3.6.2 Open omsorg

Open omsorg sitt pasientgrunnlag er ca. 100 personer fordelt på heile Tysnes. Ein leiar for heimesjukepleie og heimhjelp. Leiar for open omsorg er og verksemdsleiar i høve medikamenthandtering for Haugen og Vågsmarka bufellesskap.

Tabell 4.3.3: Brukarar i open omsorg

	2010	2011	2012	2013	2014
Heimesj. pleie	170	164	110	105	118
Heimehjelp	-	-	96	90	79
Tryggleiksalarmar	58	62	61	?	59

I 2014 har avdelinga teke del i viktig utviklingsarbeid som til dømes innføring av elektronisk meldingsflyt, prosjekt 24/7 med fokus på pasientsikkerhet ved medikamenthandsaming. Avdelinga har også teke del i prosjekt Tannhelse til pasientar i heimesjukepleien.

Det er gjennomrørt farmasøytisk tilsyn i 2014 utan vesentlege merknader.

Sidan samhandlingsreforma vart innført har me merka at pasientar blir tidlegare utskrivne frå sjukehus, og då treng ekstra tett oppfølging i kommunen. Me har i 2014 hatt ein auke i vaksne pasientar under tuberkulosebehandling.

For å kunna gje eit forsvarleg tilbod på kveld/ helg er bemanninga auka noko opp, reint praktisk er det løyst gjennom innleige av 2-3 vikarar frå byrå i 2014. Denne auken har ført til meirkostnader utover budsjetterte rammer. I budsjett for 2015 er det teke omsyn til dette og det vert vurdert alternative løysingar til å løysa dette ved vikarar.

Totalt har kommunen 44 omsorgs- og trygdebustader: av desse er 34 bustader utleigd 10 bustader på Hovland har stått i påvente av utleige til flyktningar

4.3.6.3 Tenester for funksjonshemma

Tenester for funksjonshemma er sett saman av to bufellesskap og dagsenter.

4.3.6.3.1 Haugen bufellesskap

Haugen Bufellesskap har ansvar for 5 bebuarar, og oppfølging av ein tenestemottakar utanfor bufellesskapet. Det ca. 12 årsverk fordelt på 27 stillingar, me har p.t. 2 vakante helgestillingar. 6 av personalgruppa er 60 år eller eldre så over tid vil det melda seg behov for fornying.

To av tenestemottakarane har 1:1 oppfølging, tre er definert som ekstra ressurskrevjande.

Ei har bemanning frå 08.00 – 22.10, heile veka, ei har bemanning frå 08.00 – 21.00 i vekedagane og 09.30 – 17.00 i helgane.

Me har hatt samarbeid med Helse Fonna, Vaksenhabiliteringa i 2014, og fekk hjelp og rettleiing i forhold til eit vedtak kap. 9 der me måtte ta i bruk tvang/makt. Me fekk og god rettleiing i forhold til miljøarbeidet som vert utført i det daglege. Det er oppretta eit Fagteam blant dei tilsette i bustaden.

Dei ser ut for å trivast, og held seg for det meste friske. To var på sydenferie i august, og to var på leir på Halsnøy.

4.3.6.3.2 Vågsmarka bufellesskap

Vågsmarka har det blitt meir behov for pleie/ stell i brukargruppa. Det har blitt 2 nye rullestolbrukarar. Dette har ført til auka belastning på personalet, men me prøver å fordela arbeidet så godt det let seg gjera med å rullera på tilgjengeleg personell.

Transportutfordringane har vore dei same som i 2013, og leasingbilen brukarane delte vart sagt opp grunna for store kostnader for dei brukarane som kunne nytta seg av bilen. Me har hatt stort vikarforbruk, dels er dette knytt til høgt sjukefråvær og del er det knytt til vakansar. Me har store utfordringar med å rekruttera kvalifisert personell.

Vågsmarka bufellesskap har relativt store utfordringar knytt til arbeidsmiljø og talet av uønska hendingar, noko som kan vera knytt til nokre brukarar som kan vera litt utagerande. Det vart i 2014 sett på moglege organisatoriske tiltak for å bøta på dette utan at det vart trekt noko tydeleg konklusjon. Saka vert å følgja vidare opp av arbeidsmiljøutvalet.

4.3.5.3.3 Dagsenteret

Dagsenteret har også dette året hatt aktivitet på tre plassar. Vedsentralen på Myklestad, MaKa kafé og dagsenteret.

Det er i dag 11 personar som har tilbod om dagsenterplass. Det vert opplevd å vera eit godt arbeidsmiljø og samarbeid med bufellesskapa fungerer bra!

Over tid vil det vera behov for å utvikla aktivitetstilbodet vidare med tanke på at brukarane av tilbodet endrar seg. Me ser elles behov for å utvikla samarbeidet mellom bufelleskapet og dagsenteret vidare, og utover dette ønskjer me ha vidareføra eit godt miljø både for arbeidstakarar og brukarar.

4.3.6.4 Avsluttande kommentar

Me ser at krava frå styresmaktene og forventningar frå brukarane set stadig høgare krav til oss som tilbydarar av pleie- og omsorgstenester. Stikkord kan vera fagleg forsvarlighet, kunnskap og kompetanse, god kommunikasjon, dokumentasjon og prosedyrar.

Samhandlingsreforma fører både til behov for større omstillingevne og til brukarar med større hjelpebehov. Det er krevjande å til ein kvar tid ha tilbodet klart for utskrivningsklare pasientar, det må likevel seiast at Tysnes kommune si pleie- og omsorgsavdeling har handsama dette svært godt! Fram til årsskifte var det vel mest ingen fakturerte ekstra liggedøgn hjå spesialisthelsetenesta!

Me ser også ein tendens til at spesialisthelsetenesta har prøvd å også definera nøyaktig kva tenester kommunen skal levera til utskrivningsklare pasientar. Me har framhalde at dei ikkje har høve til å definera vårt tenestetilbod.

I høve til arbeid med utviklinghemma går me i desse dagar gjennom organiseringa for å sjå korleis tenesta skal organiserast i framtida.

4.3.7 Sosialavdeling og barnevern

Barnevern og NAV sosial har tidlegare vore samla i ei sosialavdeling og lagt til NAV, ut frå ulike tilhøve har barnevern og NAV sosial vorte handsama som to einingar siste året. Dette er i tråd med planar frametter der barnevern vert sett i samanheng med oppveksttenester og andre tenester retta mot barn og familie.

4.3.7.1 NAV sosialteneste

Tabell 4.3.4: Sosialhjelp og økonomisk rettleiing

	2010	2011	2012	2013	2014
Mottakarar – sosialhjelp	48	43	41	36	44
18-24 år	14	7	12	10	12
24-66 år	33	33	29	26	32
Mottakarar med stønad over 6 md	21	37	10	22	13
Snitt stønadslengde – måned	3,8	4,3	2,7	3,6	3,8
Snitt utbetaling per stønadsmånad	8555	9421	7324	6911	6912
Øk. Rettleiing utan stønad	1	13	3	5	8

Det siste året ser me ein auke i talet på saker knytt til økonomisk rettleiing, dette er saker som er tid- og ressurskrevjande.

NAV sosialteneste har størstedelen av året hatt 1 deltakarar i det kommunale Kvalifiseringsprogrammet.

NAV sosialteneste har lukkast med å få fleire personar over frå passive ytingar over på aktive ytingar. Dette vil verta eit viktig arbeid også i året som kjem og det er då særskilt fokus på yngre brukarar.

4.3.7.2 Busetjing av flyktningar

Det var vore tilsett flyktningkoordinator sidan 11.08.14, og i samsvar med politisk vedtak vart 7 flyktningar busett i 2014. Alle kjem frå Eritrea, har vore i mottak i Norge fyrst og fått fast opphald i Norge. Dei vart busett i kommunale husvære på Hovland i desember 2014.

I forkant av busetjing vart det halde to opne møte på Tveit for å gje informasjon ut til lokalsamfunnet.

Det er utfordringar med logistikk og integrering i høve til buplass på Hovland og derfor er det ønskjeleg med bustadar til flyktningane i aksan Uggdal – Våge – Lunde. Målet er at flyktningane som kjem skal bli buande på Tysnes etter avslutta introduksjonsprogram, og bli ein framtidig ressurs for kommunen.

4.3.7.3 Barnevern

Barneverntenesta vart våren 2014 tildelt midlar frå Fylkesmannen til skiping av 0,5 stilling som tiltaksarbeidar, og har sidan juni 2014 såleis hatt 3,5 årsverk. Tiltaksarbeidarstillinga vart bemanna frå ultimo juni 2014. Ei av dei faste stillingane har stått vakant frå hausten 2013 og fram til april 2014. I tillegg har det vore stort sjukefråvær blant dei øvrige faste tilsette. Det vart av den grunn teke inn ein vikar frå ultimo april 2014, og ein vikar frå ultimo september. Store delar av 2014 har såleis vore prega av dårleg bemanning. Det har vore krevjande å få til kontinuitet i arbeidet, og ein måtte sommaren 2014, ta inn ekstern konsulent for å få gjennomført påkrevd arbeid. Mot slutten av 2014, er alle dei faste tilsette på plass igjen, i tillegg til at ein har valt å behalde vikarane, og ein håpar at dette held fram ut over i 2015.

I løpet av 2014, har det kome 22 nye uromeldingar gjeldande 21 born. Undersøkjingsprosenten i 2014 var på heile 82 % av alle mottekne meldingar. Ved årsskiftet var det 30 born med oppfølging av barneverntenesta. To av dei under omsorg, 3 under ettervern og 4 er tilsynsbarn frå annan kommune. Øvrige born tar imot hjelpetiltak av ulik art og omfang, eller det er i gang undersøking i høve dei.

Med ei styrking av Tysnes barnevernteneste med 0,5 stilling som tiltaksarbeidar, har det i 2014 vore større kvalitet over tiltaka våre, og det har vore meir mogeleg å følgje opp dei ulike iverksette tiltaka. Mykje av denne stillinga har likevel gått med til arbeid i meir krevjande omfattande barnevernssaker som det har vore ein auke i det siste året, og denne halve stillinga er ikkje tilstrekkelig til å dekke det faktiske behovet for oppfølging av born og familiar som er i kontakt med barneverntenesta. Ein har såleis vidareført oppdragsavtalar med eksterne tiltaksarbeidarar i tillegg. Ved eventuelle nye øyremerka midlar til barnevernet, ser ein såleis for seg å søkje om ytterligare 0,5 stilling til tiltaksarbeid.

I 2014 vart barnevernlova endra på ein del punkt, noko som har medført ansvarsoverføring frå stat til kommune. Ein del opplæringsarbeid t.d. til tilsynsførarar er noko kommune no er ansvarleg for sjølv, og det ser me at ein liten kommune som Tysnes har vanskar med å tilby pr. i dag.

I tillegg til kjerneoppgåver knytt til oppfølging av einskildsaker, har barneverntenesta lovpålagt plikt til å arbeida førebyggjande. Det er i varierende grad dette arbeidet kan prioriterast. I 2014 har dette dessverre vore lite prioritert, men det vart gjennomført eit samarbeidsprosjekt i regi av TEBU gruppa saman med psykisk helsearbeidar kor ein presenterte dokumentarfilmen «fredag ettermiddag» for alle tilsette i skular og barnehagar i kommunen. Me håpar at me i 2015 vil kunne ha større fokus på og moglegheit til tverrfagleg samarbeid og førebyggjande arbeid. I tillegg søkjer ein å tilby konsultativ bistand i høve einskildsaker på eit førebyggjande nivå.

Som tidlegare år, vart det i 2014 søkt kompetansemidlar frå Fylkesmannen. Ein fekk ikkje tildelt midlar dette året, då midlane vart nytta til større prosjekt i einskilde kommunar.

Eit av desse opplæringstiltak har Tysnes barnevernteneste delteke på gjennom opplæring i Kvello - metode i undersøkingsarbeidet, eit opplæringstiltak som vert vidareført i 2015. Til liks som dei to siste åra, hadde Tysnes barnevernteneste ambisjonar og konkrete planar om gjennomføring av tverretatleg kurs hausten 2014. Dette vart ikkje realisert grunna bemanings situasjonen, men me håpar å komme sterkare tilbake i 2015!

Tabell 4.3.5: Barn med undersøking og tiltak

	2010	2011	2012	2013
Barn med undersøkelse eller tiltak	34	40	33	35
Undersøkelser i alt	20	23	23	27
Undersøkelser avsluttet	16	14	22	22
Undersøkelser som førte til tiltak	12	9	12	9
Barn med tiltak i løpet av året	29	28	23	22

4.4 Landbruk og teknisk

4.4.1 Administrasjon

Frå 1.september 2012 har landbruk - teknisk etat vore delt inn i to, ei eining for drift og vedlikehald og ei eining for forvaltning. I tillegg har brann rapportert til rådmannen direkte.

Ved byrjinga av meldingsåret vart det gjort tilsetjing i stilling som einingsleiar for forvaltning, eininga rapporterer til rådmannen. Einingsleiar for teknisk drift rapporterer til prosjektsjef.

Dei to einingane heng framleis saman i arkiv og rekneskapssamanheng.

4.4.2 Politisk aktivitet

Tabell 4.4.1: Saker til politisk handsaming

Utval	2009	2010	2011	2012	2013	2014
landbruk/ Teknisk	175	237	142	134	165	130

Etaten er sekretariat for landbruk/teknisk, utvalet handsamar saker innan etaten sitt samla arbeidsområde.

Av dei sakene som var til politisk handsaming var 89 saker handsama etter Plan og bygningslova, 32 av sakene gjaldt landbruk, 1 sak knytt til kart og oppmåling og 8 ymse saker

4.4.3 Plan og byggjesak

Tabell 4.4.2: Handsama saker etter plan og bygningslova

	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Total saksmengd	248	429	259	248	280	248
Delegasjonssaker	104	217	139	96	160	207

Tabellen angjev berre saker som er handsama etter plan - og bygningsloven og Forureiningsforskrifta. For andre type saker som er handsama etter jordlova, skoglov m. m. vert det vist til anna programområde.

Arealdelen til kommuneplanen vart revidert våren 2012. Likevel opplever ein mange søknader om dispensasjoner. Desse sakene krev ei omfattande sakshandsaming med høyring til ytre

fagetater og politisk handsaming i utval landbruk/teknisk. Gjennomsnittleg handsamingstid for dispensasjonssaker er ca. 6 mnd.

Byggesaksavdelinga mottok mange mangelfulle søknader og brukar unødvendig mykje tid på desse sakene før dei kan takast opp til realitetshandsaming.

For lovpålagte tidsfrister innan byggesak er det sjeldan at søknadane er fullstendige slik at dei ikkje oppfyller vilkåra for handsamingsfristane etter § 21-7 i pbl. I 2014 var gjennomsnittleg sakshandsamingstid for delegasjonssaker 6 veker for søknader som var fullstendige med handsamingsfrist på 12 veker.

Antal klagesaker frå fylkesmannen har gått merkbar ned siste år. Kun ei sak har vore påklaga av fylkesmannen i 2014. Det har vore ein liten auke av private klagesaker.

Det er om lag 20 saker/søknader som ikkje er handsama. I tillegg er det om lag 175 saker som er under handsaming og ligg i ventearkiv. Ein del av desse sakene ventar på aktivitet frå tredjepart før dei er klar til ferdigstilling.

Framleis er det om lag 250 uavklarte saker som kan vera knytt til ulovlege tiltak, sakene vart avdekka i samband med innføring av eigedomsskatt. Desse sakene må finna ei løysing i løpet av inneverande år, det er naturleg at dei vert sett i samanheng med plan for tilsyn og kontroll.

Strategiplan for tilsyn vart vedteke i kommunestyret 17.06.14. Vidare vart «*Sanksjonar og oppfølging av ulovlege tiltak etter plan- og bygningslova*» politisk forankra i same møtet.

Det vart vedteke to private reguleringsplanar i 2014:

1. Henningshagen
2. Krokjen/Lande

Det er starta opp arbeid med 8 private reguleringsplanar, men kun 3 av dei som er «aktive»:

1. Flornes
2. Elsåkerneset
3. Svarvahella

Det vart vedteke ein kommunal plan i 2014:

1. Industriområde Dalland

Det er 2 planar under arbeid i kommunal regi. OMEGA areal er konsulent for planarbeidet.

1. Våge sentrum
2. Nytt omsorgssenter i Uggdal

Budsjetterte gebyrinntekter for plan- og byggesaker vart også oppnådd for 2014.

Endra satsar *Gebyrregulativ for Tysnes Kommune, Lanbruk og teknisk etat*, vart vedteken av kommunestyret 16.12.14 og gjeld frå 01.01.15. Gebyrsatsane vart auka med 3 % for 2015.

Det er behov for ein meir omfattande gjennomgang av alle sjølvskostområda, det er eit mål at denne kan leggjast fram i 2015.

4.4.4 Kart og oppmåling

Budsjetterte inntekter for 2014 var på 1.120.000,- kr. Inntekter/utgifter for tinglysingsgebyr var 60.000,- mindre enn forventet, i tillegg har me hatt rundt kr. 50.000 meir i inntekt for kartsal, slik at det også i år var budsjettoppnåing.

Tabell 4.4.3: Gebyrinntekter kart og oppmåling

	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Budsjett	683.400,-	1.242.800,-	1.005.000,-	1.200.000,-	1.600.000,-	1.120.000,-
Rekneskap	222.515,-	804.830,-	1.009.344,-	1.525.563,-	1.117.423,-	1.097.995,-

4.4.4.1 Kart

I høve til Geovekst avtalen har det ikkje vore ny kartlegging i Tysnes kommune. Neste innsamling av data (nye FKB-data og Orto-foto) er planlagt 2017. Det er difor svært viktig å få måledata for oppførte bygningar og anlegg for plassering og beliggenheitskontroll av tiltak.

FKB-base veg, traktorsti og AR5 vart konvertert til ny SOSI-versjon 4.5. Arbeidet med digitalt leidningskartverket skal komme i gang i 2015.

4.4.4.2 Oppmåling

Tabell 4.4.3 Handsama saker – utvikling av saksmengd

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Tinglyste endringar totalt ^{viii}	21	36	61	69	85	48	46
Rekvirerte saker	71	31	60	108	79	77	60
Fullførte saker	54	26	78	119	114	122	127
Trend samla saksmengde	+17	+5	-18	-11	-35	-45	-67

Samla saksmengde vart redusert med 67. Slik at den totale mengda oppdrag låg på 30 saker i utgangen av mars 2015. Når ein ser bort frå saker som ligg på vent (6) eller er under arbeid / nesten ferdige (19), så er ventekøen no på 5 saker.

Oppmålinga jobbar fortsatt for å få avslutta 1 mellombels forretningar etter Delingslova. Saka manglar medverknad av festar/grunneigar.

Det vart ikkje brukt konsulent for gjennomføring av oppmålingsoppdrag.

^{viii} Utan seksjonering

4.4.4.3 Adresseprosjekt

Det vart ansatt ein ny medarbeidar i begynninga av 2014 for å jobbe med adresseringsprosjektet. Målet var at alle adresseobjekt innan kommunen skal ha gått over frå matrikkeladresse til vegadresse innan utgangen av 2014.

Del 1 av prosjektet var tildeling av offisielle adresser til dei adresseobjekt som sokner til adresseparsellar, da det allereie var vedteke adressenamn (107 stk). Slik at om lag 90 % vart fullført i første halvåret av 2014.

Prosjektmedarbeidaren slutta sommaren 2014. Stillinga vart lyst ut på nytt utan at det lukkast å finne ny kvalifisert medarbeidar. Prosjektet vert vidare ivareteke av kart- og oppmålingsansvarleg.

Del 2 av prosjektet består av handsaming av namnesaker for dei adresseparseller som ikkje har fått tildelt namn tidlegare. Det dreier seg om 25 nye vegnamn og 39 områdenamn samt handsaming av 3 tidlegare klagesaker. Vegnamn er snart klar for utlegging og vedtak. Etter dette skal det tildelast offisielle adresser. Me reknar med ferdigstilling av del 2 innan utgangen av mai 2015.

Del 3 er skilting. Skiltplanen er for tida under arbeid og skal supplerast med nye vegnamn før me legg arbeidet ut på anbod.

Ut frå endringar i ressursstusjonen i prosjektet vart det ikkje mogleg å halda den opphavlege framdrifta, me satsar no på å få prosjektet avslutta i haust/vinter 2015.

4.4.4.4 Kommunale bustadtomter

Reservering av 2 tomter vart oppheva og dei vart lagt ut for sal. Det vart reservert 1 ny tomt. Til saman er det no 5 reserverte. Det vart seld 2 tomter. For tida er 29 kommunale bustadtomter ledige.

I samband med Flytt heim prosjektet er det for tida ein rabatt på kommunale tomter tilsvarende kr. 100`.

4.4.5 Landbruk

Kommunen si landbruksteneste er organisert etter vertskommunemodell i Fusa, kontoret i Fusa yt tenester for Fusa, Samnanger, Os og Tysnes.

2014 har vore travelt og spennande. Skal me døma etter dei gode tilbakemeldingane me har fått frå publikum, har me òg løyst oppgåvene våre godt. Tysnes har no vore med i det interkommunale samarbeidet i to og eit halvt år, og er den nest største landbrukskommunen i Bjørnefjordsamarbeidet om Landbruksforvaltning. Stor aktivitet og interesse gjer at mykje av arbeidet til Landbrukskontoret dreier seg om Tysnes. Samarbeidet med Tysnes kommune har

fungert godt, og teknisk/landbruk på Tysnes har teke vel imot oss. Det siste me gjorde i 2014 var å flytta inn i nye trivelege lokaler i 1. etasje på rådhuset i Uggdal.

Oppdatering av gardskarta på Tysnes vart ferdig i 2013. I den prosessen vart det ein del justeringar og det kjem og fram i statistikken nedanfor der areal dyrka mark ser ut til å ha falle drastisk. Dette inntrykket skuldast oppdaterte kart med justerte tal. No har alle fire kommunane kart som viser rette markslag i karta til Institutt for skog og landskap, men dette er ein kontinuerlag prosess og enringar må registrerast jamnleg.

I 2014 hadde vi inne ein vikar i nokre månader for å kompensere for permisjonar. Frå 1 juni har Silje vore i permisjon og frå juli fekk vi inn Steinar Valskaar i vikariat etter henne. Han har vore lærevillig og kunne starte fort, slik at vi no har hatt ein lengre periode med god stabilitet, Vilt- og skogmannen vår var borte store delar av hausten etter ei trafikkulukke og dette har gjort at ein del saker på hans fagområde har blitt utsett.

Talet på saker frå Tysnes som er handsama av landbrukskontoret, i 2013 var 167. (13 SMIL-saker, 8 konsesjonssaker, 8 delingssaker, 8 Vegsaker og 36 Viltsaker i tillegg til Produksjonstilskot og RMP (Regionalt Miljøprogram i Landbruket) som ikkje kjem fram i arkivsystemet og andre saker).

<i>Tabell 4.4.5: Saker handsama</i>	2012	2013	2014
Kulturlandskap (Spesielle Miljøtiltak i jordbruket, SMIL)	3	29	13
Freda/verneverdige bygningar (SMIL)	1	1	0
Skogbruk (NMSK)	1	1	-
Bygdeutviklingsfond og anna støtte frå Innov. Norge	-	5	6
Produksjonstilskot og areal			
Talet på søkjarar	88	88	87
Areal i drift (dekar) ^{ix}	12 502	12 525	10 497
Skogbruk			
Hogst (tømmer og ved) m ³	5144	1 728	1 494
Produktivt skogareal (dekar)	-	141 989	
Planter (nyplanting, supplering, juletre) (stk).	15000	3 000	3500
Skogkultur (stell ungsog, gjødsling) (dekar)	-	12	

^{ix} Areal er justert etter gjennomgang av gårdskart i 2013

Landbruksvegsaker (tal handsama saker)	-	17	8
Jakt- og viltstell			
Fellingsløyve, hjort	685	695	756
Felt hjort	604	590	674
Rev fellingsløyve	-	1	-
Gås skadefellingsløyve	-	2	-

4.4.6 Brann og redningstenesta

Brann og redningstenesta har i meldingsåret rapportert direkte til rådmannen.

Tabell 4.4.6 Utrykningar brann og redningstenesta

	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Totalt	16	18	10	17	29	38
Automatisk alarm	-	-	4	5	9	10
Gras-/krattbrann	0	1	0	0	7	0
Brann bygning	2	3	0	2	1	2
Pipebrann	4	1	1	2	1	0
Trafikkhending	4	6	2	4	1	7 ^x
HLR – helse	2	0	1	0	5	7
Anna	4	7	1	4	5	12

Det vart gjennomført 10 øvingar i 2014, - ref øvingskalender. Tre mannskap begynte på grunnkurs hausten 2013, desse hadde eksamen og fullførte i januar 2014. Hausten 2014 byrja ytterligare to stk på grunnkurs, dette er forventet fullført ca månadsskiftet februar/mars 2015. To stk fullførte komplett utrykningskurs i 2014. Budsjettposten for opplæring av mannskap er ytterlegare auka i 2015.

Det vart utført 6 tilsyn i særskilte brannobjekt. Totalt er det registrert 49 særskilte objekt, men ein del av desse vert nok etter kvart nedgradert pga bruk og risikovurdering.

Det er registrert 1316 skorsteiner/eldstader i kommunen, det vart utført 15 bustadtilsyn i 2014. Me er ikkje tilfreds med talet på gjennomførte bustadtilsyn. Det var behov for å ta inn etterslep på feiing og for å koma i rute vart det feia 556 skorsteinar i fjor. 608 husstander fekk besøk av feiar, av desse var 53 stk fråverande. Brannsjef og vestnorske feietenester utførte feiinga i 2014. Utførte feiingar samsvarar med behov og ruteinndeling.

Når det gjeld tal utførte tilsyn er dette tal me ikkje kan vera tilfredse med, tilsyna både i særskilte objekt og i bustad må aukast! Noko av forklaringa på desse låge tala er at det har vore ei stadig omorganisering/strukturendring i organisasjonen, spesielt bemanningssituasjonen. Dette har krevd mykje tid å tilpasse (todeling av feieområde etc.). Elles har ein del tilsynssaker

^x 6 bilulykker og 1 båtulukke

krevd mykje oppfølging. Etterslepet på tilsyn vert delvis løyst ved å kjøpa tilsynstenester i 2015.

Tysnes brann og redning skal vere ein ressurs som leverer det beste me kan innafor rammene me er gitt i det lokale brann og redningsarbeidet. Målet vårt er å heile tida utvikle og tilpasse oss samfunnet rundt oss og på den måten løyse oppgåvene me har på ein trygg og god måte.

Det er eit mål at organisasjonen får «satt» seg i 2015, slik at ein kan jobbe målretta med oppgåvene framover. Her vil tilsyn i bustad og særskilte objekt bli prioritert høgt. Det vert laga eigen plan for det forebyggjande arbeidet for 2015.

Det vil bli jobba med brannverninformasjon retta mot risikogrupper i kommunen. Det første steget på den vegen var eit informasjonsmøte med heimhjelp/ heimesjukepleien før jul 2014. Neste steg er opplæring i konseptet «brannvernopplæring for hjemmetjenesten» i februar.

Andre oppgåver som vil krevje mykje merksemd og arbeid i 2015 er innføring av nødnett, og arbeid med ny ros analyse for Tysnes Kommune. Eventuell kommunesamanslåing og resultat av arbeidsgruppa sitt arbeid opp mot brannstudien vil og vere moment som kjem til å krevje ein del arbeid og fokus.

4.4.7 Teknisk drift

Eining for teknisk drift hadde ved inngangen til 2014 4,8 årsverk delt på gravplassar, veg og avlaup og drift og vedlikehald av bygg. Pga sjukdom var eininga i store delar av 2014 berre besett med 3,8 årsverk.

Eininga har i lang tid arbeida med innføring av nye rutinar for meir tverrfagleg bruk av personalressursane. Dette har vore eit krevjande arbeid som ikkje har lykkast slik administrasjonen skulle ønska. Det blir arbeida vidare med å finna omforente løysingar.

4.4.7.1 Felles internkontrolltiltak og vedlikehald alle bygg.

Tilsynsarbeid innanfor dei lovpålagte område (brann, elektriske anlegg, heis, bygg teknisk, leikeutstyr barnehagar/skuler) har vore gjennomført, men som i året før så slit ein med å følgje opp avvik innan rimeleg tid. Dette har med etterslep og manglande rutinar som etter kvart må på plass.

Drift- og vedlikehaldstiltak på kommunale bygg er stort sett gjennomfør slik tiltaksplanen blei prioritert ved årets inngang. Prioriteringa la til grunn at det var turvande å skyva på enkelte tiltak pga omprioritering av eigne personalressursar.

Tabell 4.4.7: Oversyn over gjennomførte tiltak i bygga i 2014.

Eigedom	Dogv	Tiltak
Skulebygg		
Tysnes skule	X	Svømmehall/gymsal malt. Gjenstår skifting av bordkledning og maling av nordre veggen. Opprusting av ventilasjon i barneskulen i forbindelse med lokaler til kulturskulen. Oppussing av klasserom i barneskulen og kontor kulturskulen. Nytt filteranlegg til svømmebasseng
Onarheim skule	X	Nytt leskur oppført i forbindelse med utviding av barnehage og deira behov for meir plass til barnevogner. Opprusting av gjerde og grusing av ute område bak skulen
Uggdal skule	X	Montering av ny ballvegg. Montering av nye porter.
Føreskulebygg		
Vågsmarka barnehage	X	
Stjernereiso barnehage	X	
Onarheim barnehage	X	
Lunde barnehage	X	Montering av gjerde mot innsyn
Helse- og sosialbygg		
Vågsmarka bufellesskap	X	
Haugen bufellesskap	X	
Trygdebustader Våge	X	
Trygdebustader Uggdal	X	Renovering av 2 stk leiligheter - og arbeid etter vann lekkasje i 2 leiligheter
Trygdebustader Hovland	X	
Omsorgsbustader Våge	X	
Omsorgsbustader Peralio	X	
Omsorgsbustader Uggdal	X	
Omsorgsbustader Hovland	X	
Hovland aldersheim	X	Tilrettelegging for flyktningmottak «byggeteknisk/brannteknisk»
Tysnes sjukeheim	X	Arbeid etter brannen / utføring av brannteknisk tiltak
Andre bygg		
Rådhuset	X	Tilrettelegging for ombygging av rådhuset, Skifting av ein del utvendig kledning.
Tinghus m/ stall	Kun tilsyn	
Tysneshallen	X	
Presebustad Jensvoll	X	Rehabilitering av bustad
Legebustad Våge	Kun tilsyn	
Gjennomgongsbustad Uggdal	Kun tilsyn	
Utestasjon Eredalen	X	Rydding av hall og uteområde

4.4.7.2 Kommunale vegar, kaier og bruer

Kommunen har ca. 62 km med kommunale vegar, 11 bruer og 9 større kaier som skal vedlikeholdast. Kommunestyret har gjort vedtak om at tal kaier skal reduserast, og to av kaiane har vore under sal i 2014.

Kommunen er pålagt årlege lovpålagde tilsyn med bruer og kaier. Tidlegare rapportar har synt ei negativ utvikling for kai Flatråker. Etter førre kontroll blei kaien noko nærare vurdert og utviklinga syner ein mindre negativ utvikling enn før konkludert. Elsakervågen kai har vore stengd og har vore greia ut med omsyn til oppgradering og utviding. Kaien er vedtatt å selja. Amlandstø kai er òg stengd og er vurdert seld. Grunnasundet bru (til Skorpo) har mindre skader som må reparerast. Elles er det foreslått tiltak i rapporten som ikkje er prekære tiltak og som vil bli vurdert fortløpande.

Det normale vedlikeholdet elles er i hovudsak utført med eigne resurser. Større tiltak og større rutinemessige og prevantive tiltak er som hovudregel innleigd frå lokale entreprenører eller frå firma med rett kompetanse.

Brøyting og strøing er sikra gjennom brøyteavtalar med ei rekke lokale entreprenørar. Avtalane var reforhandla i 2013 med mindre endringar både økonomisk og med omsyn til brøyteruter. Avtalane er og vidareført i 2014/15 og er løpande inntil ein av partane seier opp sin avtale.

Tabell 4.4.8: Oversyn over kaier og bruer

Nummer	Objekt	Status	Tiltak 2014
1	Bru – Skorpo	Må gjennomførast tiltak i overgang mellom veg og bru	nei
002A	Kai – Tømmerkai Flatråker	Skogeigarlaget	
002B	Kai – Gammel ferjekai Flatråker	Bjelker korroderer, og må haldast auga med.	nei
3	Bru – Til Sjø og Fritid	Korrodering av armering, nytt rekkverk	nei
4	Bru – Uggdal kirke G/S	Ingen anmerkning	Ok
5	Bru – Heie Økland	Nytt rekkverk, reinsk	nei
6	Bru – Frøkedal bru	Nytt rekkverk, reinsk	nei
7	Bru – Hopsund bru	Lenging av rekkverk, neopren	nei
8	Bru – Solheimsdalen	Nytt rekkverk	nei
9	Bru – Solheimsdalen 2	Nytt rekkverk, litt asfaltvøling	nei
10	Bru – Vatne	Nytt rekkverk, setningsskader	nei
11	Bru – Myrdal bru	Nytt rekkverk	nei
12	Bru – Lunde bru	Nytt rekkverkk, betongskader	nei

13	Kai – Onarheim kai	Stengd	nei
14	Våge gjestehamn	Råte tverstag, forlenging av redningsstiger	nei

Samla er det estimert vedlikehaldskostnader på kr. 2 230 000 knytt til bruer og kaier.

Manglande asfaltering i 2013 pga problem med leverandøren blei ut ført i 2014. Dette gjaldt 2 nye kommunale felt – Vågsmarka 6 og Kattaland - samt å asfaltering av nokre mindre vegstubbbar. Arbeidet blei utført på ettersommaren 2014.

Tabell 4.4.9 Asfaltering

Objekt	Omfang	Anmerking
Klypesbekken	ca 150 meter	Reasfaltering av heile veglengden
Vågsmarka 6	ca 885 meter	Ny asfalt
Kattaland	ca 335 meter	Ny asfalt
Uggdalseide	ca 390 m2	Reasfaltering frå brua mot brannstasjon
Onarheim kyrkje	ca 50 m2	Reasfaltering inngang
Sagen	ca 45 m2	Asfaltert avkjøring

4.4.7.3 Renovasjon, slamtøming, avlaup og vassforsyning

Det er ikkje etablert nye større anlegg innanfor tenestoområde i 2014. Det har heller ikkje vore større driftsproblem med anlegga.

Driftssituasjonen har ikkje betra seg og er lite tilfredstillande i fleire lokale områder. Dette har vore omtala i tidlegare år, men er ikkje gjennomført og gjeld mellom anna slamavskiljar i Lunde sentrum. Denne må utvidast grunna utbygging av bustadfeltet Kattaland. Pumpeanlegget i Våge er også eit anlegg som er sårbart og som kan ved ein driftsstans føra til lokal ureining. Det er også fleire andre lokale område kor ureiningssituasjonen er lite akseptabel. Problema må kartleggjast og tiltak iverksetjast.

For å få ein samla oversikt over situasjonen er det sett av pengar i 2015 for å laga ny hovudplan for Vatn og Avlaup.

Det er ikkje kommunal vassforsyning i Tysnes. Kommunen har likevel eit ansvar for den overordna beredskapen.

Tysnes kommune har lagt ut renovasjon til Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS.

4.4.7.4 Kyrkjegardar

Kommunen yter teneste til kyrkjeverja vedkomande vedlikehald og drift av gravplassane i kommunen. Det er avtale mellom partane som regulerer tilhøva. Kløkketårnet i på Lunde

gravplass blei renovert i 2014 – elles har det berre vore gjennomført rutinemessig arbeid og vedlikehald på gravplasser i 2014.

4.4.7.5 Utviklingstrekk og mål

Kommunen har ei målsetjing om å redusera kostnader ved å selja ut kommunale eigedomar som bygg og kaier som kommunen ikkje finn det turvande å eiga. Det skal tilsvarande gjerast ei vurdering om ikkje ein del kommunale vegar kan nedklassast til privat veg. Eining for teknisk drift vil med denne utviklinga over tid nytta mindre resursar til vedlikehald.

Me tilsette hausten 2013 ein ny person som fagarbeidar på veg og avlaup, men fekk berre behalda vedkomande i eit år. I 2014 skreiv me at me ser med stor uro på at me berre har ei minimumsbemanning på fagområde.

Me skreiv då at veg og avlaup er samfunnskritiske funksjonar og manglande kompetanse og beredskap kan føra galt av stad. Eininga må derfor prioritera å finna løysingar innafor eller saman med eksterne for å imøtekoma krava.

Kommunen har lenge hatt planer om å utarbeida ein eigen vegplan. Arbeidet bør prioriterast slik at ein får fram godt grunnlag for prioritering av tiltak og også for å vurdere framtidig organisering av tenesta. Sikring og forsterking må klargjerast i hovudplan vegar og i ROS planlegginga i kommunen. Det er eit viktig næringspolitisk tiltak å få same bæreevne på kommunevogane som på riks- og fylkesvegane. Ei målsetjing er å rullera tiltaka i trafikksikringsplanen ein gong kvart år i samband med budsjettarbeidet. Dette er arbeid som må prioriterast i 2015.

I den seinare tid har det vore relativt stor aktivitet innan bygging av bustader og etablering av nye byggeområde. Kommunen har hovudplanar for vassforsyning og avlaup. Desse planane er ikkje revidert sidan dei blei utarbeida på slutten av 1990-talet, og er såleis forelda.

Det er heller ikkje etablert plan for "Avløp frå separate avløpsanlegg utan utslepp til sjø og miljømål ferskvassressursane."

Vassforsyninga i Tysnes kommune er bygd ut og drifta av dei private vassverka i Våge, Uggdal, Onarheim og Lundegrend. Kommunen erfarer at dette i enkelte høve kan skapa utfordringar ved planlegging, finansiering og beredskap. Kommunen har ei målsetjing om å bidra til eit samarbeid der vassforsyning og avlaup kan koordinerast både med omsyn til utbygging og drift.